

Bokn kommune

BUDSJETT 2021

ØKONOMIPLAN 2021 - 2024



## Innhold

1.	RÅDMANNENS FORORD .....	4
2.	RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG .....	7
3.	BUDSJETTØRESETNADER .....	9
3.1.	DEMOGRAFI OG ØKONOMISKE NØKKELTALL .....	9
	INDIKATORAR I DET SENTRALE INNTEKTSSYSTEMET .....	9
3.2.	BEFOLKNINGSPROGNOSE FOR BOKN KOMMUNE .....	9
3.3.	DEMOGRAFISK UTVIKLING OG KONSEKVENSAER FOR DRIFT OG RAMMETILSKOT. ....	11
3.4.	FORUTSETNINGAR OG HOVEDTREKK .....	13
	ØKONOMISKE UTVIKLINGSTREKK.....	13
3.5.	STATSBUDSJETTET .....	14
3.6.	FINANSIELLE MÅLTAL FOR BOKN .....	16
3.7.	SKATT OG RAMMETILSKOT - FRIE INNTEKTER .....	18
4.	UTFORDRINGAR FOR DRIFT, INVESTERINGAR OG ØKONOMISK UTVIKLING .....	21
4.1.	BUDSJETTMESSIGE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAER AV INNTEKTSYSTEMET, INVESTERINGAR OG AUKANDE DRIFTS- OG FINANSKOSTNADER .....	22
5.	LÅNEGJELD OG FOND .....	24
6.	KOMMUNALE AVGIFTER .....	25
7.	Reglement for økonomiplan og årsbudsjett .....	25
8.	Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen.....	28
8.1.1.	Teneste 1000 Politisk styring.....	28
8.1.2.	Teneste 1100 Kontroll og revisjon.....	28
8.1.3.	Teneste 1200 – 1203 Administrasjon .....	28
8.1.4.	Servicetorget .....	29
8.1.5.	IKT.....	29
8.1.6.	Økonomiavdelinga.....	30
8.1.7.	Personal/HMS.....	31
8.1.8.	Beredskapsarbeid .....	32
8.1.9.	Innkjøp.....	32
8.1.10.	Prøveprosjekt bussruter på bestilling.....	32
8.1.11.	Teneste 1300 Administrasjonslokaler .....	33
8.1.12.	Teneste 1800 Diverse fellestenester .....	34
8.1.13.	Teneste 2330 Førebyggande (Folkehelse).....	34
8.1.14.	Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand til næringslivet .....	34
8.1.15.	Teneste 3251 Landbruk .....	36
8.1.16.	Teneste 3010 Plansaksbehandling .....	36

8.1.17.	Teneste 3900, 3930 Den norske kyrkja og kyrkjegard.....	36
8.1.18.	Teneste 3920 Andre religiøse formål .....	36
9.	Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage.....	37
9.1.1.	Skulen .....	37
9.1.2.	Barnehagen .....	39
9.1.3.	SFO.....	40
9.1.4.	Pedagogisk psykologisk teneste .....	40
9.1.5.	Kultur .....	40
9.1.6.	Tenestene 2020 Bokn skule, 2130 Vaksenopplæring, 2220 Bokn skulebygg, 2221 Bokn skule, skyss .....	41
9.1.7.	Tenestene 2010 Bokn barnehage, 2110 Styrking av barnehage tilbudet, 2210 Bokn barnehagebygg.....	42
9.1.8.	Teneste 2150 Skulefritidsordninga.....	43
9.1.9.	Teneste 3700 Bibliotek.....	43
9.1.10.	Tenestene 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus, 3350 Parkar, plassar og torg, 3730 Kino, 3750 Museum, 3770 Kunstformidling, 3850 Andre kulturaktivitetar.....	44
9.1.11.	Teneste 3810 kommunale idrettsbygg/anlegg.....	44
9.1.12.	Teneste 3830 Musikk og kulturskular.....	45
9.2.	Rammeområde 3 – Seksjon helse, pleie og omsorg.....	46
9.2.1.	Generelt:.....	46
9.2.2.	Tenestene 2530 sjukestova, 2540 heimetenesta, 2340 bu og aktivitet.....	50
9.2.3.	Bu og aktivitet.....	52
9.3.	Rammeområde 4 – Sosial og barnevern .....	53
9.3.1.	Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp.....	53
9.3.2.	Bustadsosial handlingsplan - investeringar i økonomiplanperioden .....	53
9.3.3.	Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge .....	53
9.3.4.	Teneste 2330 Førebyggjande arbeid, helse og sosial.....	53
9.3.5.	Teneste 2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma.....	53
9.3.6.	Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing.....	54
9.3.7.	Teneste 2440 Barneverntenesta .....	54
9.3.8.	Teneste 2510 Barnevernstiltak i familien.....	54
9.3.9.	Teneste 2520 Barnevernstiltak utanfor familien.....	55
9.3.10.	Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader .....	55
9.3.11.	Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp .....	56
9.4.	Rammeområde 6 – Seksjon teknisk .....	57
9.4.1.	Generelt.....	57

9.4.2.	Teneste 1900 og 1902 Vaktmeistertenester og Fellesutgifter Boknatun. ....	58
9.4.3.	Teneste 2210 og 2220 Bygg for Bokn barnehage og skule.....	58
9.4.4.	Teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus.....	59
9.4.5.	Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader.....	59
9.4.6.	3010 – Plansaksbehandling; 3020 - Bygge-, delings- og seksjoneringssaker; 3030 Kart og oppmåling.....	60
9.4.7.	Teneste 3150 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak.....	61
9.4.8.	Teneste 3200 Kommunal næringsverksemd.....	61
9.4.9.	Teneste 3250 Bistand til næringslivet .....	61
9.4.10.	Teneste 3300 Samferdselverksemd og transporttiltak.....	62
9.4.11.	Teneste 3330 - 3340 Kommunale vegar / miljø- og trafikksikringstiltak.....	62
9.4.12.	Teneste 3350 Rekreasjon i tettstad.....	63
9.4.13.	Teneste 3380 Førebygging av brann og ulykker.....	63
9.4.14.	Teneste 3390 Brannvesen .....	63
9.4.15.	3400 Produksjon av vatn .....	64
9.4.16.	Teneste 3450 Distribusjon av vatn .....	64
9.4.17.	Teneste 3500 Avlaupsreinsing / slam.....	64
9.4.18.	Teneste 3530 - 3540 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn .....	65
9.4.19.	Teneste 3550 Innsamling av avfall .....	65
9.4.20.	Teneste 3600 Naturforvaltning og friluftsliv .....	66
9.4.21.	Teneste 3750 Museum .....	66
10.	Økonomiske oversikt.....	67
10.1.	§ 5-4 Bevilgningsoversikter – Drift (1A).....	67
10.2.	§ 5-4 Sum bevilgningar drift, netto (1B).....	68
10.3.	§ 5-5 Bevilgningsoversikt – investering (2A) .....	69
10.4.	§ 5-5 Bevilgningsoversikt – investering (2B) .....	69
10.5.	§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art .....	70
11.	Driftsbudsjettet - forslag til rammendringer.....	71

# 1. RÅDMANNENS FORORD

Rådmannen legg med dette fram sitt forslag til budsjett for Bokn kommune for 2021 og økonomiplan for perioden 2021 - 24

FN sine berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikheit og motvirke farlege klimaendringar innan 2030. Ei berekraftig utvikling eit førande premiss som ligg til grunn, enten det gjelder økonomisk styring, klimamål, eller et godt tenestetilbod. Slik skaper vi eit godt lokalsamfunn for alle – og for framtidens generasjonar.



*FNs berekraftsmål*

## *Mål og satsingsområde for planperioden*

Det er ingen tvil om at dei største utfordringane kommune – Norge står ovanfor er knytt til befolkningsutvikling. Me blir færre i yrkesaktiv alder og betydeleg fleire vil få behov for pleie - og omsorgstenester.

I samfunnsdelen til kommuneplanen har Bokn kommune følgjande overordna mål for perioden som tar opp i seg desse utfordringane :

- Bokn kommune prioriterer for befolkningsvekst og bulyst
- Bokn kommune prioriterer for styrka lokalt næringsliv og auka verdiskaping
- Bokn kommunen prioriterer for interkommunalt samarbeid
- Bokn kommune prioriterer for auka samhandling og samskaping med lag, organisasjonar og andre aktørar/private

For å nå desse måla må fellesskapets midlar forvaltast på ein god og trygg måte, slik at dei kjem flest mogleg til gode. Ein trygg økonomi er ei forutsetning for at vi kan utføre dei tenestene innbyggjarane er avhengige av, og at vi kan satse på tiltak som gjer Bokn meir attraktiv.

I dette budsjettforslaget legg rådmannen i hovudsak opp til ei vidareføring av dagens driftsnivå. Bokn kommune har gjort store investeringar dei siste åra, mellom anna i Bokn Arena, sjukeheimsrom/omsorgsbustader, vassverk, framføring av vatn til deler av kommunen som ikkje har hatt kommunalt vatn og ny skule. Planen er at skulen skal stå ferdig i 2022.

Investeringane er i hovudsak finansiert ved låneopptak mens det er vedtatt at skulen skal finansierast av utbytte frå sal av aksjane i Haugaland Kraft.

Det er gjennom disse investeringane lagt til rette for å levere gode tenester til innbyggjarane i Bokn.

*I budsjettforslaget er det gjort følgjande prioriteringar:*

- Nye bussruter på bestilling
- Ei auke i fysio – og ergoterapi
- Rehabilitering Boknatun 2.etasje
- Lærling innan pleie – og omsorg
- Sterkt fokus på systematisk arbeid med skolemiljø
- Kompetanseheving i lys av nytt vannverk og vannledningsnett
- Digitalisering gjennom til dømes Naboen (digital dialog med innbyggjarane) og digitalt bookingsystem for Bokn Arena

2020 blei eit annleis år. Coronapandemien traff Norge og 12.mars stengde Norge ned skular, barnehagar og innførte strenge restriksjonar på helseinstitusjonar. Karantenerogler blei innført og kommunen sin beredskap møtte ei utfordring ingen har møtt tidlegare.

Etter kvart har samfunnet gradvis blitt opna opp igjen men det er enno uvisst kor lenge ein må leve med dei restriksjonane pandemien legger på oss. Me må forberede oss på å leve med pandemien og til neste år.

Pandemien har tvunge kommunen til å omprioritere ressursar, og det har ført at nokre oppgåver er satt på vent, samtidig som nye vaner er etablert og digitaliseringa har endra både møteformer og behovet for reiseaktivitet. Kommunesektoren merkar eit auka fokus på digitalisering. Samarbeid med andre kommunar, fylke og stat er viktig i dette. Digitalisering vil påverke både arbeidsmåtar og kapasiteten i organisasjonen.

Dei tilsette er organisasjonens viktigaste , utøvande ressurs. Dei tilsette sin vilje og evne til å snu seg raskt har gjort det mogleg å levere gode tenester og i ein pandemi. Rådmannen vil rette ei stor takk til dei tilsette som har stått i det under pandemien - nå er det viktig å ta vare på dei tilsette som har stått i pandemihandteringa over tid, det er krevjande både for fagfolk og innbyggjarar å være i en unntakssituasjon over så lang tid.

Å leggje eit budsjett medan vi står midt i ein pandemi er å legge eit budsjett med ein del ukjende faktorar. Kommunen har økte kostnader mellom anna knytt til auka fråvær.

Regjeringa har lova at kommunane vil bli kompensert for verkingar av skattesvikt, inntektsbortfall og meirutgifter knytte til pandemien.

Eit grunnleggjande krav i økonomiforvaltninga er at kommunane skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. Ny kommunelov krev at både økonomiplan og årsbudsjett skal innehalde finansielle måltal som skal være kommunestyret sitt mål for økonomisk

styring. Måltala skal utarbeidast etter lokaløkonomisk politikk og fastsettast etter lokalt skjønn og realistiske vurderingar.

På grunn av dei positive resultata som er oppnådd gjennom dei seinare åra, har kommunen vore i stand til å møte krevjande økonomiske tider.

Rådmannens framlegg til budsjett 2021 og økonomiplan 2022-2024 vert lagt frem for formannskapet 29.oktober. Budsjettet handsamast formelt i formannskapet 24.november. Endeleg behandling blir i kommunestyret 15.desember. Formannskapet si innstilling til økonomiplan for 2021 – 2024 vert lagt ut til offentleg ettersyn i perioden mellom behandlingane i formannskapet og kommunestyret.

Ingeborg Skjølingstad

Rådmann

## 2. RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG

### *Rådmannen sitt framlegg til vedtak:*

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2021 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 73.706.500,- på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	17.589.000
Rammeområde 2 Kultur, skule og barnehage	24.518.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	25.823.500
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	2.295.800
Rammeområde 6 Teknisk	3.480.200
2. Rådmannen får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.
3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandler sentrale inntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenestekområde.
4. Kommunestyret vedtek nye driftstiltak i 2021 – 2024 ihht skjema 2A;
5. Avgifter, gebyr, betalingsstar og husleiger for 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.
6. Rådmannen gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingshjemlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.
7. Rådmannen gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsaamt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikke endre hensikten med budsjettposten.
8. Rådmannen gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettet, til det tiltenkte formål.
9. Formannskapet gis fullmakt til å disponera midlar innanfor det som er avsatt til reserverte løyvingar, kr 100 000, og budsjettregulera dette til tenestefunksjonene etter behov.
10. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2021 og økonomiplanperioden 2021 – 2024:
  - Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %
  - Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %
  - Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene 53,4 % meir enn 15 %
  - Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %
  - Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %
11. Skattevedtak

For eigeomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigeomsskatt etter eigeomsskatteleva § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringseigeom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» slik lova lyder etter 1. januar 2019. Det skal etter eigeomsskatteleva § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigeomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar» ettersom slike anlegg er



jamstilt med vårt valte utskrivingsalternativ etter eidegdomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, slik lova lyder frå 1. januar 2019.

I 2021 skal det skrivast ut eidegdomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eidegdomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og –installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eidegdomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Det skal skrivast ut eidegdomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg med produksjonsutstyr og -installasjonar i henhold til overgangsregelen til eidegdomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

Den alminnelege eidegdomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille. Utskriving av skatt for skatteåret 2021 blir basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering som blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2016, men med spesifikasjon av skatteverdiar for produksjonsutstyr og –installasjonar.

Eidegdomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eidegdomsskattelova § 25, første ledd.

### 3. BUDSJETTFRØRESETNADER

#### 3.1. DEMOGRAFI OG ØKONOMISKE NØKKELTALL INDIKATORAR I DET SENTRALE INNTEKTSSYSTEMET

I det sentrale inntektssystemet er det etablert såkalla objektive indikatorar som gi uttrykk for forskjellar i tenestebehov som følgje av alderssamansetting og ulike sosioøkonomiske forhold.

Det er spesielt tre aldersgrupper i befolkninga har behov for ein større del dei kommunale tenestene:

Gruppa 1-5 år har behov for mellom anna barnehageplass og helsetenester

Gruppa 6-15 år er elever i grunnskolen og trenger fritidstilbod

Gruppa 80 år og over er de som har størst behov for institusjonstenester, omsorgsboligar og heimebaserte tenester

Desse aldersgruppene vil derfor bli gitt spesiell merksemd i befolkningsprognosar.

#### 3.2. BEFOLKNINGSPROGNOSE FOR BOKN KOMMUNE


Folketalsutviklinga er ein avgjerande faktor i kommunen sin økonomiske planlegging og prioritering. Ved vurdering av folketalsutviklinga må ein ta omsyn til viktige endringskrefter i det lokale og regionale utviklingsbildet som effektar av nye vegsamband, nærings- og sentrumsutvikling, nye bustadområde m.v. For Bokn må ein gjere rekning med at Rogfast vil ha stor betydning for framtidige busetnader og næringsetableringar. Rådmannen legg til grunn at det vil vere liten vekst i folketalet i økonomiplanperioden, men gjer rekning med at folketal og pågang på tomtar og bustader vil auke etter kvart som ein nærmar seg opning av Rogfast.

Framskrivinga viser at på Bokn vil talet på born og unge reduserast frå 147 i 2020 til 134 i 2050, mens aldersgruppa frå 16 – 66 år reduserast med heile 75 personar. Gruppa over 67 år aukar med 115 personar.


Framskriving av befolkningsutviklinga i Bokn 2020 – 2050 er basert på hovedalternativet (MMMM)

	<b>2020</b>	<b>2030</b>	<b>2040</b>	<b>2050</b>
<b>0-5 år</b>	51	47	48	47
<b>6-15 år</b>	96	83	80	87
<b>16-19 år</b>	52	31	32	36
<b>20-66 år</b>	486	470	450	427
<b>67 år eller eldre</b>	167	204	252	282
Sum	852	835	862	879

**Folketalsutvikling i Bogn samanlikna med Rogaland og landet elles**




**Folketalsutvikling i Bogn**






### 3.3. DEMOGRAFISK UTVIKLING OG KONSEKVENSAER FOR DRIFT OG RAMMETILSKOT.

#### Prosentvis endring i utgiftsbehovet som følgje demografiske endringar



#### Endra utgiftsbehov som følgje av demografiske endringar i forhold til drift av skule, barnehage, pleie- og omsorg og samla for Bokn kommune.





### **Endringar i rammetilskottet som følgje av endra utgiftsbehov på grunn av demografiske endringar.**

Endring utgiftsbehov per 1.1	Pleie- og omsorg	Grunnskole	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	SUM BOKN
2021	919	-733	-410	-16	-34	-102	-377
2022	-1 140	587	-853	-61	-27	-57	-1 551
2023	691	-1 173	0	2	-18	-109	-607
2024	100	440	-410	-15	-18	-16	79
2025	1 845	-1 320	0	-19	59	-103	462
2026	1 081	-293	-87	-48	55	-12	695
2027	-319	-587	410	8	0	-39	-527
2028	746	293	615	-43	43	43	1 698
2029	-127	293	59	9	10	35	280
2030	293	587	0	-15	28	19	911

Som tabellen over viser har Departementet gjort berekningar som viser Bokn kommune sitt framtidige utgiftsbehov som følgje av demografiske endringar. Dei demografiske endringane tilseier at behovet for tenester innanfor alle tenesteområda blir mindre - med dei konsekvensar det vil få både i forhold til drift, antal tilsette og organisering av tenestene.

### 3.4. FORUTSETNINGAR OG HOVEDTREKK

#### ØKONOMISKE UTVIKLINGSTREKK

Budsjettforslaget for 2021 og økonomiplan for 2021- 2024 byggjer på sist vedtatt økonomiplan og tidlegare vedtekne tiltak.

Økonomiplanen er eit fireårig perspektiv på og retningsgivande for kommunens sin ressursbruk og aktivitet , medan årsbudsjettet er eit bevilgningsrettslig dokument.

Budsjettet skal støtte opp om måla i kommuneplanen.

Bokn kommune har hatt gode resultat dei siste åra og har medført at kommunen har bygd seg opp disposisjonsfond. Frå 2016 har netto har netto driftsresultat ligge over 1,75%

Salet av aksjane i Haugaland Kraft i 2019 gav og kommunen ei inntekt på 80 millionar kroner som er sett av på fond. 53 millionar er vedtatt avsett til bygging av ny skule i Bokn.

Når rådmannen utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventa pris – og lønsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneproposisjonen får kommunen og signal om nye reformar.

### 3.5. STATSBUDSJETTET

Rådmannen bygger sitt framlegg til budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 på framlegget til statsbudsjett som regjeringa la fram 7.10.2020.

Statsbudsjettet byggjer på ei rekkje føresetnadar. I det følgjande blir dei viktigaste føresetnadene i statsbudsjettet summert opp.

Prioriteringane i statsbudsjettet er :

- Levande lokaldemokrati
- Sterke distrikt
- Modernisering av landet
- Trygge og gode buforhold

Regjeringa meiner at ein viktig føresetnad for levande lokaldemokrati er å spreia makt og bygga samfunnet nedanfrå. Kommunar og lokalsamfunn skal få meir rom for å styra saker som vedkjem dei sjølv og deira samfunnsutvikling.

Utfordringsbildet for kommunane dei kommande åra blir blant anna strammare økonomiske rammer, større forventingar til velferdstenestene og at me stadig blir fleire eldre. I tillegg kjem klimautfordringar, samtidig som bidraget til finansiering av offentlege utgifter frå oljeinntekter vil avta. I kommuneproposisjonen 2021 (prop 105 S kap 1.5) kan ein lese at «Gjennom et systematisk arbeid med kvalitetsforbedring og effektivisering kan tjenestetilbudet i kommunene forbedres og ressurser frigjøres, slik at innbyggerne får flere og bedre tjenester». Satsing på innovasjon, digitalisering, samt ny teknologi er vesentleg for å møte utfordringane, og er eit hovudsatsingsområde for regjeringa.

Regjeringa peikar på at det framleis er mykje å hente på meir effektive tenester, og at det er stort potensiale for at betre ressursbruk vil gi betre tenester. Signala til kommunane er at ein legg til grunn at dette forbetningspotensialet blir tatt tak i, slik at realveksten frå år til år er høgare enn realveksten som dei frie inntektene gir.

2020 er eit spesielt år og det er difor også gitt eit særskilt tillegg i dei frie inntektene på 1,9 mrd kroner for å kompensera for den reelle skattesvikten gjennom 2020 utover det som automatisk kompenserast gjennom at kostnadsveksten også er lågare.

Når veksten i frie inntekter vert rekna vert alle ekstraordinære tilskot som følgje av virusutbrotet haldne utanfor. I forslag til statsbudsjett legg regjeringa opp til ein reell vekst i kommunanes og fylkeskommunanes frie inntekter på 2 mrd. kroner totalt, av desse går 1,6 mrd kroner til kommunane.

Regjeringa legg opp til ei betydeleg satsing på digitalisering i dette budsjettet. Dette skal gå til å effektivisera statlege etatar , men det vert og ei betydeleg satsing for kommunesektoren.

Slik legg regjeringa opp til vekst i sine frie inntekter for 2021:

	<b>Mrd. kroner</b>
Vekst i frie inntekter utover særskilt tillegg	2,0
- meirkostnadar til demografi	-1,1
- satsingar innanfor veksten i frie inntekter	-0,2
<b>Auka handlingsrom</b>	<b>0,7</b>

Det er i tabell over ikkje tatt hensyn til innstraming i ordning for refusjon ressurskrevande brukerar, som antas å redusera kommunane sitt handlingsrom med 0,3 mrd kroner.

I forslaget til statsbudsjett for 2021 vil regjeringa kutte i *toppfinansieringsordninga for ressurskrevjende tenester*. Det betyr at en enda større del av den samla kostnadsveksten i disse tenestene skal dekkes av kommunane aleine. Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester har reelt auka med 200 000 kroner per bruker, og 80 % av denne innstramma er det kommunane som må finansiere.

Det har blitt kutta i denne ordninga i fleire omgangar. Effekten er 300 millionar kroner i svekket kommunal økonomi i dette budsjettet, og 1,4 milliardar kroner samla sidan 2016. Kostnadene til ressurskrevjende tenester er svært store for mange kommunar, så i praksis betyr dette et stort innhogg i kommuneøkonomien.

Ordninga for inntektsgradert foreldrebetaling utvidast. Tidlegare er det gjort endringar for 1. og 2. trinn og for elever med særskilte behov på 5. til 7. trinn. Frå skuleåret 2021/22 utvidast ordninga for inntektsgradert foreldrebetaling også for 3. og 4. trinn. Kommuneramman er oppjustert for heilårseffekt av endringa 84 mill. kroner. Auken er fordelt etter delkostandsnøkkel for grunnskole. Endringa er foreslått i Statsbudsjettet, og finansierast med auka rammetilskot til kommunane.

Frå 2021 overtar staten ansvaret for det som i dag er den kommunale delen av tilskot til tros- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkje.

Utdanningsdirektoratet er igang med innkjøp av nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Brukarvennlegheit og oppfyljing av krav til universell utforming er sentrale element i den nye løysninga. Det er anslått at det nye systemet vil gi nnsparing på 7,4 mill. kroner for kommunane, og dette beløpet er trukke ut av kommuneramman med eit likt beløp per innbyggjar.

Skatteoppkrevingen overføres til staten 1. november 2020, og helårseffekten av omleggingen, 945 mill. kroner er trukket ut av rammetilskuddet etter delkostandsnøkkelen for administrasjon. Helårseffekten på 945 mill. kroner innebærer at staten ikke har gjort fradrag for at kommunene vil tape innfordringsinntekter (særnamfsuksjonen) som følge av omleggingen.

Tilskudd til fastleger, knekkpunkt og grunntilskudd, økning på 126 mill. kroner, er fordelt etter delkostandsnøkkel for kommunehelse.

Det er enkelte kommuner som har spesielt høye utgifter per innbyggjar til kommunal egenandel innenfor **refusjonsordninga med ressurskrevende tenester**. Regjeringa foreslår at skjønnsramman for 2021 økes med 30 mill. kroner, slik at disse kommunene kan gis ekstra kompensasjon for sine særlig høye utgifter. Regjeringa legger opp til at midlene skal rettes mot kommuner med under 3 000 innbyggere som har en særskilt stor økonomisk byrde som følge av ordninga. Når det gjelder selve refusjonsordninga er denne ikke et rammetilskudd, og dermed ikke en del av prognosemodellen, men vil likevel nevne at regjeringa i statsbudsjettet foreslår at innslagspunktet i ordninga økes med kroner 46 000 utover lønnsveksten til kroner 1 430 000.

Det blir gjeve kompensasjon for kommunane sitt tap ved omlegging verk og bruk.

I medhold av eiendomsskatteloven §§ 2 og 3 skal følgande utskrivningsalternativ benyttast for skatteåret 2020: Eiendomsskatteloven § 3 a): «faste eigedomar i heile kommunen».



Det skrives ut skatt på et særskilt skattegrunnlag som følge av at produksjonsutstyr og – installasjoner ikkje skal tas med i takstgrunnlaget etter at dei tidlegare verk og bruk blei taksert og rekna som næringsseiendom fra 2019.

Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal reduserast med éin sjuandedel kvart år frå og med 2019 til og med 2024. Grunnlaget skal i 2021 vera redusert med tre sjuandedeler, jfr. overgangsregel til §§ 3 og 4 første punktum, og Jfr. lov om endringer i lov 19. desember 2017 nr. 118 om endringar i Eigedomsskattelova.

Skattesatsen på det særskilte grunnlaget settes til 7 promille. Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.

### **Utgifter knytt til Covid-19**

Bevilgningane som kompenserer for kommunesektorens meirutgifter til pandemien i 2020 vidareføres ikkje til 2021.

For 2021 blir det foreslått ei bevilgning på 100 mill. kroner til habiliterings- og avlastningstilbud til barn og unge med nedsatt funksjonsevne, og det vises til at smitteverntiltaka som følge av koronavirusutbruddet gir auka belastning for pårørende av barn og unge med nedsatt funksjonsevne. Det presiserast samtidig at dette er eingangsbevilgning for 2021.

Utover dette gir det ingen andre konkrete forslag til bevilgingar til kommunane over rammetilskotet knytt til pandemien i statsbudsjettet for 2021. Regjeringa er imidlertid tydelege på at kommunesektoren skal kompenserast, men at ein vil komme tilbake til dette i ein egen proposisjon til Stortinget i november 2020.

## **3.6. FINANSIELLE MÅLTAL FOR BOKN**

Gjennom den nye kommunelova har kommunane fått lovfesta plikt til å nytte finansielle måltal som verktøy for langsiktig styring av kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala skal fungera som rammer for budsjettarbeidet, men måltala er ikkje bindande for budsjettarbeidet. Dei finansielle måltala må forankrast politisk slik at ein får eit eigarskap til dei. Rådmannen legg fram følgjande forslag til måltal for budsjett og økonomiplan for 2021 – 2024:

Måltal for Bokn 2021 – 2024


	Rekneskap 2019	Mål 2020 - 2024
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene	6,8 %	> 1,75 %
Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene	28,3 %	> 10 %
Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene	124 %	> 15 %

Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene	124,8 %	< 80 %
Lån som betenes av frie inntekter	84,4 %	< 70 %
Netto lån med renteesponering i prosent av driftsinntektene	6,7 %	< 70 %

Som tabellen viser, hadde Bokn eit høgt netto driftsresultat i 2019. Netto driftsresultat på over 6 % er godt over målet som foreslås som mål i kommunen sitt budsjett og økonomiplan 2021 -2024. Kommunen har også oppsparte reserver i form av disposisjonsfond og kapitalfond på hhv om lag 24 mill. kroner og 89,5 mill. kroner. Til frådrag i kapitalfondet vil 53 mill. kroner gå med til skuleutbygging, mens rådmannen vil rå til at 20 mill. kroner går med til ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Arbeidskapitalen som både vert nytta for å angi likviditet (evne til å betale forpliktelser etter kvart som dei forfaller) og soliditet (evna til å tole tap), er også positiv for kommunen.

Bokn har i dag for høg gjeld og bør ha som mål å redusere gjeldsgraden vesentleg. Dette vil generelt gi større økonomisk handlingsrom på sikt og gi større rom for å kunne dekke ekstraordinære kostnader.

#### **Auke i netto lånegjeld 2015 - 2019**



### 3.7. SKATT OG RAMMETILSKOT - FRIE INNTEKTER

Kommunane sine frie inntekter består av skatt på inntekt og formue og ordinært rammetilskot og utgjør den største delen av kommunane sine inntekter, og det er her staten styrer kommunane sine tenester med auke eller reduksjon av overføringar. Dette er inntekter som kommunane kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og regler.

Det overordna formålet med inntektssystemet er å jevne ut dei økonomiske forutsetningane for at kommunane skal kunne gi et mest mogleg likeverdig tenestetilbod over heile landet.

Dei frie inntektene (skatt på inntekt og formue, og ordinært rammetilskot) i Bokn er budsjettert til 70,7 mill. kroner i 2021. Det er 0,3 mill. kroner meir enn i 2020 budsjettert. Veksten frå 2020 til 2021 inkluderer lønns- og prisstigning, demografiutvikling, nye/endra oppgåver og kompensasjon for bortfall av eigedomsskatt på verk og bruk. Veksten nominelt i inntektssystemet inklusiv justert skatt for 2020 til 2021 budsjettert er i Bokn på 1,2 %, medan gjennomsnittleg vekst i landet er 3 %; mindrevekst skuldast i hovudsak nytt inntektssystem og lågare befolkningsvekst.

Tabellen nedanfor visar samansetninga av dei frie inntektene til BOKN, med endring frå 2020 (tal i heile tusen):

	Framlegg 2021	Overføringar 2020	Endring
Skatteanslag	26 697	25 662	1 035
Innbyggjartilskot	21 121	21 246	-125
Utgiftsutjamning	13 997	15 035	-1 038
Særskilde fordelingar	333	448	-115
Inntektsgaranti (INGAR)	3 250	2 647	603
Skjønnstilskot	1 800	2 000	-200
Småkommunetilskot	3 017	2 938	79
Korreksjonsordninga for elever i statlege og private skular	457	413	44
<b>Samla skatt og rammetilskot</b>	<b>70 672</b>	<b>70 389</b>	<b>283</b>

**Skatteanslag.** Det er knytt stor usikkerheit rundt skatteinngangen for 2021 på grunn av situasjonen landet er i. Skatteinntektene for Bokn er berekna til 26 697 000 kroner i 2021, inkludert inntektsutjamning.

**Innbyggjartilskot** er i utgangspunktet fordelt med likt beløp per innbyggjar. Dette er satt til 24 761 kr per innbyggjar. Dette gangast med innbyggjartal per 01.07.2020 (853 personar).

**Utgiftsutjamning** er ei omfordeling av innbyggjartilskotet basert på kor stort berekna utgiftsbehov den enkelte kommune har. Utgiftsbehovet blir berekna blant anna på bakgrunn av alderssamansetning i kommunen, geografi, og andre sosioøkonomiske forhold. Kommunar med høgt utgiftsbehov får deretter kompensert for det, mens kommunar med lågt utgiftsbehov blir trukke.

I 2021 er det anslått at Bokn kommune har høgare utgiftsbehov per innbyggjar enn landsgjennomsnittet, med ein kostnadsindeks på 129,14 prosent, og Bokn tilføres difor ekstra midlar i inntektssystemet for dette. Dette betyr at Bokn kommune anslås å både vera inntektssvak (blir tilført nærmare 3,1 millionar i inntektsutjamning frå kommunar med høgare skatteinntekter per innbyggjar) og at kommunen reknast for å ha høgare utgiftsbehov (tilførast nærmare 16,5 millionar gjennom denne delen av utgiftsutjamninga).

Samla utgiftsutjamning inkluderar også trekk for elevar som ikkje går i kommunale skular. Dette utgjer eit netto trekk på 457 000 kroner for Bokn.

**Særskilde fordelingar** Nokre enkeltsaker fordelast ikkje etter inntektssystemet sine ordinære kriterier, men gis som ei særskilt fordeling. Bokn kommune har fått tildelt 333 000 for 2021.

**Inntektsgaranti (INGAR)** knytter seg til endringer i kriteriedata, befolkningsnedgang og systemendringer i inntektssystemet som for enkeltkommunar kan føre til brå nedgang i rammetilskot frå eit år til det neste. Ordninga skal skjerme kommunane mot slike endringar. Kommunen får 3 848 kr per innbyggjar for budsjettåret 2021.

**Skjønnsmidlar** er midler som årleg fordelast av fylkesmannen, og brukast til å kompensere kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp av utgiftsutjamninga. Ramma for Rogaland er i 2021 redusert med 5 millionar kroner til totalt 58 millionar, kor 45,1 millionar er fordelt i denne omgang. Det er fordelt 1,8 millionar kroner til Bokn, som er 200 000 lågare enn i 2020. Dette er eit årleg vedtak, og kan endre seg frå år til år. Bokn får tildelt midlar på grunn av ressurskrevjande tenester, og får derfor tilskot, men med ei nedtrapping.

**Småkommunetilskot** er eit distriktstilskot som tar utgangspunkt i distriktsindeksen, som målar graden av distriktsutfordringar i ein kommune og består av ulike indikatorar som målar forskjellar i geografi, demografi, arbeidsmarked og levekår. For å kvalifisere til tilskot må kommunen ha hatt gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet, ha under 3 200 innbyggjarar eller ha ein distriktsindeks på 46 eller lågare. Tilskot til Bokn gis med ein sats på 3 017 000 kr.

**Deflator** Statsbudsjettet legg opp til ein deflator på 2,7%. Deflator består av løns- og prisvekst. I rammetilskotet kompensere lønsveksten med 2,2%. Den kommunale prisveksten anslås til 3,5 %.

Nytt inntektssystem og demografiske endringar frå 2016 har resultert i at dei økonomiske rammene for Bokn er lågare enn deflator skulle tilseie. Dette er ein situasjon Bokn no har hatt sidan nytt inntektssystem blei innført og er ein medverkande årsak til den stramme budsjettsituasjonen kommunen no er i. Når dei samla resultata likevel har vore gode dei siste åra skuldast dette for ein stor del ekstraordinære inntekter som kommunen har fått – mellom anna tilskot frå Havbruksfondet i 2019 på rundt 5,64 mill. kroner og 6,7 mill. kroner i 2020.

## Havbruksfond

Stortinget har bestemt at kommunane skal få utbetalt 2,25 mrd kroner frå havbruksfondet i 2020 og 1 mrd kroner i 2021. Det budsjetterast med 3 millionar kroner i inntekter frå havbruksfondet i 2021, aukande til 3,5 millionar årleg ut planperioden. Dette er basert på foreløpig anslag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Det er uvisse knytta til estimatet. Desse inntektene har tidlegare vore veldig

usikre med store beløpsmessige svingningar, og frå 2022 legges heile ordninga om til ei produksjonsavgift. Kommunen vil då få ei meir stabil og forutsigbar inntekt, men og ei lågare inntekt enn dagens ordning har gitt i snitt dei siste åra.

### Eigedomsskatt – endring av eigedomsskatt frå verk og bruk

Regjeringa la i statsbudsjettet for 2018 fram eit forslag til endringar i lov om eigedomsskatt som gav dramatiske utslag for Tysvær og Bokn sin økonomi. Då Bokn kommune sin eigedomsskatt er knyta opp mot Tysvær sin eigedomsskatt frå Kårstøanlegga og gassrørledningen over Bokn blir eventuelle utslag av endringar i eigedomskatten tilnærma like for Tysvær og Bokn.

Dei mest drastiske konsekvensane av vedtaket om å endra eigedomsskattelova blei moderert gjennom innføring av ei kompensasjonsordning. Etter dei berekningar som er gjort i Tysvær – og som Bokn og legg til grunn – vil kommunane få kompensert heile 98% av dei tapte inntektene.

Ordninga gjeld fram til 2025, men det er i tillegg gjeve uttrykk for at tapet også skal kompensert etter 2025; dvs. at kompensasjonen skal koma i tillegg til den årlege ramma til kommunesektoren. Kommunane sitt tap skal «om lag» kompensert – også på lang sikt.

Endringar i eigedomsskattelova og signal frå regjeringa gjer at heile eigedomsskatteregimet er under press – og gjer soleis dei framtidige inntektene frå eigedomskatten usikre.

I tillegg har me klagesaker frå Gassco og Equinor i Karmøy og Tysvær som framleis ikkje er ferdigbehandla i rettsvesenet. Resultatet av desse klagesakene vil også kunne få store konsekvensar for Bokn.

Bokn kommune har sett av 2 mill. kroner til dekning av eventuelt tap/tilbakebetaling av for mykje mottatt eigedomsskatt, dersom kommunane taper desse sakene.

Rådmannen vil tilrå at Bokn kommune vidarefører tidlegare vedtak om eigedomsskatt på alle næringsseigedomar.

For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» slik lova lyder etter 1. januar 2019. Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar» ettersom slike anlegg er jamstilt med vårt valte utskrivingsalternativ etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, slik lova lyder frå 1. januar 2019.

I 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt på «eit særskilt fastsett grunnlag» i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, første ledd, slik at verdien av produksjonsutstyr og –installasjonar fases ut med 1/7 for verk og bruk som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom. Det særskilte grunnlaget skal i 2021 vere lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Det skal skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for anlegg med produksjonsutstyr og -installasjonar i henhold til overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4, andre ledd.

Den alminnelege eige-domsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille. Utskriving av skatt for skatteåret 2021 blir basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering som blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2016, men med spesifikasjon av skatteverdiar for produksjonsutstyr og – installasjonar.

#### 4. UTFORDRINGAR FOR DRIFT, INVESTERINGAR OG ØKONOMISK UTVIKLING

Den største utfordringa ein har i dag i distriktskommunane er nedgang i folketal og ein demografisk utvikling med færre barn og fleire eldre – noko som òg gjeld Bokn kommune. Forsking har vist at utvikling av eit levande og inkluderande samfunn er avgjerande for å auke innbyggartalet. Ei naturleg årleg folketalsauke med ei «normal» alderssamansetning i befolkninga er viktig for tenestilbod, service og trivsel – i tillegg til den kommunale økonomien.

Stagnasjon og negativt folketalsutvikling påverkar i tillegg både fordeling av inntekter frå gassbasert industri mellom Bokn og Tysvær og rammeoverføringane frå Staten.

Stortinget vedtar kvart år å overføra ny oppgåver til kommunane - ofte med krav til kompetanse som Bokn kommune ikkje har eller vil ha problem med å rekruttera. Ofte vil også kostnaden med å rekruttera slik kompetanse vere svært høge. Dette gjeld mellom anna lovfesta krav om at alle kommunar skal kunne tilby psykologteneste frå 2020.

På nokre tenesteområde vil dette kunne løysast gjennom samarbeid med andre kommunar som f eks når det gjeld brannsamorbeid. På andre område vil det vere naturleg å løyse desse utfordringane gjennom tosidig samorbeid slik Bokn og Karmøy har gjort innanfor fleire saksområde, slik som barnevern og tekniske tenester.

Aktuelle område der ein gjennom fleire år har vurdert eit interkommunalt samorbeid er innanfor digitalisering og drift av IKT. Det har i 2020 vore gjennomført eit større samorbeid innan digitalt arkivsystem, kalt Acos Websak. Samarbeidet mellom kommunane har vore svært vellukka og har i stor grad vorte løyst gjennom digitale møteplassar. Det vert arbeida vidare med dette og andre prosjekt i året som kjem.

Frå sentralt hald blir kommunane utfordra på å digitalisera dei kommunale tenestene. Utvikling av digitalisering i det offentlege skjer nasjonalt gjennom eit samorbeid i regi av KS – DigiFinn - og eit regionalt samorbeidsprosjekt i Rogaland, DigiRogaland. DigiRogaland samorbeider med tilsvarande organisasjonar både i Bergen, Trondheim og Oslo.

Digitalisering av kommunale tenester og interkommunalt samorbeid vil bety at innbyggjarane vil kunne få gode og profesjonelle tenester uavhengig av bukommune eller kommunestørrelse. Tenestene vil i større grad tilbys som sjølvbeteningstenester og vil ikkje i same grad som tidlegare vil vere tilgjengelege lokalt. Dette vil kunne føre til at lokale arbeidsplassar blir flytta ut av kommunen og vil kunne forsterke ei negativ demografisk utvikling i distriktskommunane. Det vil vere viktig i framtida å arbeide for å behalde jobbar lokalt innanfor det handlingsrommet som digitalisering og ny arbeidsmetodikk gir moglegheit for.

Rådmannen foreslår at ein i 2021 legg til rette for digital kommunikasjon med innbyggjarane i Bokn, via systemet Naboen, der ein vil kunne melde inn tekniske saker til kommunen via godt tilrettelagt webløysing. Kommunen vil sjå nærare på fleire slike løysingar.

#### 4.1. BUDSJETTMESSIGE/ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR AV INNTEKTSYSTEMET, INVESTERINGAR OG AUKANDE DRIFTS- OG FINANSKOSTNADER

Konsekvensen av årleg reduksjon i rammetilskottet, høge finanskostnader, høge kostnader i forhold til ressurskrevjande brukarar og demografiske endringar gjer at det både i 2021, og dei kommande åra i økonomiplanperioden er vanskeleg å laga eit forsvarleg budsjett utan å sjå nærare på kostnader til ikkje-lovfeste oppgåver. I tillegg må lovfesta tenester tas ned på eit nivå som svarar til kostnadsnivået for samanliknbare kommunar. Nye oppgåver må i stor grad løysast innanfor dei ressursane som ein har i organisasjonen.

Bokn kommune er ikkje ein fattig kommune, men ein kommune som likevel kvart år framover vil få litt mindre inntekter. I budsjettet for 2021 og vidare i økonomiplanperioden ligg det fast inne mellom 10 og 11 mill. kroner i eige domsskatt og eit skjønstilskot på 1,8 mill. kroner. I tillegg ligg det årleg 3,5 mill. kroner frå Havbruksfondet.

Framlegget til budsjett og økonomiplan viser at kommunen ville hatt eit resultat ned mot 0 og delvis eit negativt resultat om ikkje midlar frå Havbruksfondet var tatt inn i budsjettet.

I budsjettframlegget er det tatt ein del grep for å kunne legga fram eit budsjett med eit positivt netto driftsresultat.

I forhold til tidlegare budsjett er det gjort følgjande innstramingar:

Det er sett av kr. 100.000,- til tilleggsløyvingar. Det blei satt av 500.000 i 2020

Tilskott til lag organisasjonar er redusert frå 160.000,- kroner til 80.000,- kroner og deretter vidareført med 50.000,- kroner

Det er ikkje vidareført midlar til næringsfond, men det blei overført 500.000,- kroner i 2020 som ikkje er nytta per dags dato.

Det er ikkje vidareført midlar til tiltak innan folkehelse.

Rådmannen vil rå til at tiltak ut over dagens drift – eingongskostnader – blir vurdert og eventuelt finansiert og iverksett ved bruk av mogleg udisponert driftsoverskot det enkelte år.

Vidare må det leggest til rette for eit tett samarbeid mellom lag og organisasjonar Bokn, næringsliv og Bokn kommune. Skal kommunen kunne løyse morgondagens utfordringar må det gjerast i fellesskap med innbyggjarar, næringsliv og frivillige.

*Nye tiltak:*

<b>Ansvar</b>	<b>Tiltak</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Sentraladministrasjon	"Hent meg"-Buss - Prøveprosjekt 2021	100 000	-	-	-
Teknisk	Rehabilitering av Boknatun 2.etg/Helse	1 200 000	-	-	-

Andre driftstiltak følger av kommentarane frå det enkelte tenesteområde.



### Investeringar:

Det ligg ikkje inn forslag til nye investeringar i økonomiplanperioden ut over bygging av ny skule og framføring av vatn til deler av kommunen som ikkje har hatt kommunalt vatn. Dette er investeringar som tidlegare er vedtatt og delfinansiert mellom anna gjennom låneopptak. Prosjekta er delvis starta opp med planlagd ferdigstilling i 2022.

## 5. LÅNEGJELD OG FOND

### Oversikt etter § 5-7

Etter forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv. § 5-7 skal det gis ei oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktelsar i planperioden.

Lånegjeld (tal i 1000 kroner)	Regn 2019	Prog 2020	2021	2022	2023	2024
Langsiktig gjeld	142 409	117 694	112 194	106 694	101 194	95 694
Langsiktig gjeld (fratrukke ubrukte lånemidlar)	126 247	102 398	96 898	91 398	85 898	80 398
<i>herav</i>						
Lån knytt til Startlån	22 156	21 493	20 943	20 393	19 843	19 293
Lån knytt til investeringar	120 253	96 201	91 251	86 301	81 351	76 401

Andre vesentlege langsiktige forpliktelsar:

- Bokn kommune hadde per 2019 en pensjonsforpliktelse på 142 millionar kroner. Pensjonsforpliktelsen skal avspeila det økonomiske ansvaret kommunen har påtatt seg på beregningstidspunktet overfor hver enkelt ansatt som er tatt opp i pensjonsordningen.
- Bokn kommune hadde per 31.12.2019 et garantiansvar for kommunens del (3,85 %) av lånegjelda til Karmsund Havn IKS på 649,9 mill. kroner. Karmsund Havn IKS har sidan 18.6.2018 hatt en låneramme på 800 mill. kroner, før samtykke til nye lån må innhentast frå eigarkommunane.
- Bokn kommune hadde per 31.12.2019 eit garantiansvar på 580 465 knytt til Haugaland interkommunale Miljøverk IKS.

### Disposisjons- og kapitalfond 2020 (heile 1000)

Kapitalfond (tal i 1000)	Disposisjonsfond (tal i 1000)
89 542	24 650

Kapitalfondet vil bli redusert med 53 mill. kroner til skuleutbygging og 20 mill. kroner til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

## 6. KOMMUNALE AVGIFTER

Auka finanskostnader ved ei vassverksinvestering på 14 millionar kroner vil utgjere ca. 700.000,- kroner i året. Vassavgifta vart auka med 15 prosent i 2020 . Rådmannen vil ikkje foreslå ei auke i 2021 på grunn av at kommunen har ei inntekt frå Statens vegvesen på 2,3 millionar i året og kommunen har derfor eit overskudd på VA fond.

I samband med at Bokn kommune får utført byggesaksbehandling og kart/oppmålingsforretningar i Karmøy kommune legg ein som tidlegare fram forslag om eit felles gebyregulativ for desse tenestene i begge kommunane.

Betalingssatsane elles er føreslått auka i samsvar med prisstigning eller vedtekne statlege satsar for tenestene.

## 7. Reglement for økonomiplan og årsbudsjett

(Utdrag av reglement for Bokn kommune)

Rådmannen sender i juni/juli ut eit budsjetttrundskriv for utarbeiding av økonomiplanen og årsbudsjettet med vedtak i desember, jfr. Økonomisystemet sin årssyklus.

Arbeidsprosessar i utarbeidinga av budsjett og økonomiplan :

Alle datoar som ikkje har fastsett frist er rådgjevande og vil fastsetjast kvart år i rådmannen sitt budsjetttrundskriv.

Rapportering til SSB om ressursbruk og tenestedata	Frist 15.februar
Rekneskap og årsmelding for forrige år skal godkjennast	Frist 1.juli
Rundskriv frå rådmannen Inkl. konsekvensjustert budsjett	Ca.1.juli
Budsjettseminar kommunestyre/administrasjon	
Administrativ behandling i seksjonane, inkl. opplæringsplan	Oktober/november
Frist seksjon	Ca 1.oktober
Rådmannen sitt forslag vert presentert 1)	Ca 8.november
Arbeidsmiljøutvalet får saka til uttale Info til organisasjonane	medio november
Formannskapet 2)	November/desember
Kommunestyret	Frist 15.desember

1) Rådmannen sitt forslag vert offentleg ihht. lov om meiroffentlighet

2) Formannskapet sitt forslag er kommunen sitt ordinære framlegg til budsjett.

### *Økonomiplanen skal*

- gjelde for fire år
- angi kva retning kommunen tenkjer å gå i framtida
- danna grunnlaget for årsbudsjetta
- fylgje opp og føre vidare satsingsområder som er lagt inn i kommuneplanen sin langsiktige del og sentrale vedtak som er gjort.

### *Årsbudsjettet skal*

- utgjere år 1 i økonomiplanen og gjelde for eit år
- bygge på prioriteringar i økonomiplanen
- være bevillingsdokument, dvs. at vedtatt budsjett angir kva netto rammer kommunestyret har løyvd til kommunen sin verksemd det kommande året. Rammene er bindande for rammeområda.

Seksjonane utarbeider sine forslag til årsbudsjett på artsnivå innafor sine respektive rammeområder etter gjeldande budsjettforskrifter. Fordi budsjettet skal bli vedtatt på rammeområde må seksjonane formulere forslag til mål og premisser på dei tenestene kor det er nødvendig for å forklare kva ein vil oppnå med løyvinga.

#### Oppstilling og fordeling

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i Økoplan etter vedtatt ansvarsstruktur. Dei skal bygge på seksjonane sine rekneskap frå året før men som skal korrigerast for:

Forventa endringar i perioden (ny verksemd o.l.)

Målsetjingar for seksjonane si verksemd

Resultater som forventast nådd i planperioden

Endringar i stillingar (nye/endringar/reduksjonar)

Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på rammeområder og investeringsbudsjettet på prosjekt nivå iht obligatorisk oppstilling, jfr budsjettforskrift.

Etter kommunelova skal økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, være realistisk og setjast opp på ein oversiktleg måte, (ansvar, teneste og art). Økonomiplan og årsbudsjett skal kommunestyret vedta på netto rammeområde;

*Kommunen har etter omorganiseringa i 2015 desse rammeområdene:*

- sentraladministrasjonen
- kultur/skule/barnehage
- helse og pleie/omsorg
- sosial/barnevern (Karmøy)
- teknisk

Innafor kvart rammeområde sorterer fleire ansvar som er fastsett i den interne kontoplanen. Kvart rammeområde har fleire tenester.

Dersom kommunestyret vedtar ei innsparing for eit rammeområde, skal denne så langt mogleg vera spesifisert.

### *Behandling*

Behandling av økonomiplan og årsbudsjett skal skje i samsvar med kommunelova sine §§ 14-3, 14-4, 14-5 og budsjettforskrift §§ 3, 4 og 15.

### *Mynde / vedtak i budsjettsaker*

Kommunestyret skal vedta budsjettet som nettoramme pr. rammeområde. Kommunestyret skal i tillegg gi mål og premisser for tildelinga. Kommunestyret må sjølv føreta budsjettjusteringar dersom nettoramma for det gitte ansvarsområde er overskride.

Når kommunestyret fattar vedtak på nettoramme pr rammeområde (seksjon), medfører dette at leiarane må vurdere kvartalsrapportane for å finne ut om kostnader og inntekter i perioden står i forhold til budsjettet for heile året. Har ein seksjon brukt ein forholdsmessig stor del av budsjettet må leiar og rådmann vurdere om meirforbruket er av ein slik art at det er fare for at kommunestyret si bevilling på årsbasis ikkje er tilstrekkeleg. Kan ikkje meirforbruket, etter rådmannen si vurdering, dekkjast inn i løpet av året, legg rådmannen fram sak om tilleggsbevilling til kommunestyret.

## 8. Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen

Rammeområdet omfattar utgifter til politisk styring og kontroll, administrasjon og næring. I tillegg har sentraladministrasjonen innkjøp og koordinering av ein del varer og tenester som vert fordelt på dei ulike tenestene etter forbruk.

### 8.1.1. Teneste 1000 Politisk styring

Kostnadene knytta til denne tenesta er godtgjering til folkevalde, utgifter til val, partistøtte, medlemskap i politiske foreningar, annonsering og saksdokument. I tillegg er her også lagt inn kr. 100.000,- i "reserverte løyvingar" som kan nyttast til ekstraordinære utgifter som kan koma i budsjettåret. Godtgjersle for verv og møter vart endra for denne perioden

2021 er det stortingsval. Det er ikkje lagd inn ekstra midlar til dette , ekstra utgifter tas innanfor ramma.

### 8.1.2. Teneste 1100 Kontroll og revisjon

Kontrollutvalet har lagt fram eit budsjettforslag på kr. 467.234. Kurs/reise er budsjettert med kr. 33.000. Kjøp av sekretariatstenesten er kr. 123.000 og revisjonstenestene er kr. 269.000. Kontrollutvalet sitt vedtak er lagt som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg.

### 8.1.3. Teneste 1200 – 1203 Administrasjon

Tenesta skal omfatta alle administrasjonsutgifter som ikkje direkte kan relaterast til andre tenestar og som er felles for heile kommunen dvs. rådmann samt alle fellesfunksjonane slik som økonomi, personal, It og servicetorg.

Til sentraladministrasjonen ligg fylgjande oppgåver:

Politisk sekretariat for kommunestyre, formannskap og forvaltningsstyre

Leiing av kommunen, samordning av kommunale tenester, intern og ekstern informasjon, overordna arbeid med lover/rutinar/reglementer og planar etc.

Budsjett, lønsarbeid, rekneskap og fakturering

Sentralbord, postbehandling, arkivering, kundemottak

Utvikling og drift av datanettet, kjøp av utstyr, sikring av data, rutinar for IT sikkerheit.

Administrering av innkjøpsavtalar

Interkommunalt samarbeid

Næringsarbeid

Beredskap

Kommuneplan

Folkehelsearbeid

Kommunalt beredskapsarbeid

Personvernombod

Den kommunale stillinga i NAV Bokn ivaretok ein del oppgåver som ikkje vart overført til NAV Karmøy. Dette er saksbehandling av startlån, skjenkeløyve, og hjelp til personar som skal søkje bustøtte, dette vert nå ivaretatt av administrasjonen. Dei andre oppgåvene som vart igjen, støttekontaktar, utleige av kommunale bustader som t.d. ungdomsbustader, parkeringskort for funksjonshemma vert ivaretatt av helseseksjonen.

#### 8.1.4. Servicetorget

Servicetorget skal yte 1.linjetenester slik som kundemottak, sentralbord og generell informasjon og har elles ansvaret for dei interne tenestene som omfattar postbehandling, arkiv, arbeid med tilrettelegging av politiske møter og møtepapirer etc., og felles innkjøp av kontormateriell o.l. Servicetorget skal også utføre merkantile oppgåver for seksjonane.

Frå 1. januar 2018 gjekk ein over til fullelektronisk saksbehandling. Dette krev at ein må gå gjennom rutiner og arkivplan igjen, og også intensivere opplæring av alle saksbehandlarar. Rydding i gamalt papirarkiv vert også ei prioritert oppgåve i året som kjem.

Stillingsramma for servicetorget er 1,8 årsverk. I tillegg er det ein 40% merkantil stilling ved skulekontoret som er organisert under rektor. Denne stillinga skal vera stedfortredar i servicetorget/sentraladministrasjonen i ferieavviklinga.

Personvernombodet er p.t. lagt til arkivleiarstillinga og arbeidet med gjennomføring av nytt regelverk i tråd med personopplysningslova og GDPR blei påbegynt i 2018 og blir vidareført i 2021.

#### 8.1.5. IKT

Den kommunale verksemda i dag er heilt avhengig av eit godt fungerande IT- system med gode nettverksforbindelsar både internt og eksternt. Også teletenestene blir i aukande grad digitaliserte.

Ulike IT- system frå ulike leverandør krev i aukande grad integrasjonar på tvers for at kommunen skal kunne løyse tenesteoppgåvene. Kommunen har installert fleire viktige integrasjonar mellom ulike fagsystem. Forutan integrasjonar er det sterkt fokus på IKT- tryggleik på alle nivå i organisasjonar, kostnadane knytt til desse problemstillinga er ofte store, uavhengig av om ein er ein liten eller stor organisasjon. Kommunen har fått godkjenning av HelseCERT og systema våre blir regelmessig stresstesta frå utsida. Arbeidet med integrasjonar og sikkerheit krev konsulenttenester og vedlikehald av systema. Det er satt av pengar i budsjett til regelbunde vedlikehald.

Koronapandemien har satt auka fokus på moglegheita for at tilsette og elevar må kunne bruke digitale verktøy frå heimekontor eller heimeskule. Budsjettramlegget for IKT inneber auke av lisensar for å sikre at kommunen kan ta i bruk multifaktorausentisering på viktige tenester som e-post, intranett og applikasjonar. Det blir også gjort tiltak for å sikre klientar som blir brukt utanfor det kommunale nettverket, t.d. heimekontor.

Integrasjonar og IT-tryggleik fordrar at ein held nettverk og serverpark oppdatert slik at oppetida for dei tilsette blir best mogeleg. Dette krev regelmessige oppdateringar og oppgraderingar. Me er godt i gang med å oppgradere operativsystem på klientar og virtuelle serverar i tillegg til utskiftingar av switchar m.m. i nettverket. Kommunen vil satse vidare på oppgraderingar av klientar og nettverk. Maskinvare i serverpark er oppdatert i 2019, i 2021 blir det satsa på oppdatering av operativsystem frå 2008R/ 2012R2 til versjon 2019.

I den seinare tida har det vore fokus på cyberåtak som rettar seg mot IKT- infrastruktur som tidelegare har vore rekna som trygg. I samband med dette blir det satt av kr 200.000 til innkjøp og driftssetting av ei løysing for å førebygge dette.

For skule og barnehage er vidareføring av satsinga på bruk av nettbrett og pedagogisk programvare prioritert. Det er ikkje lagt opp til nye investeringar eller tiltak i eksisterande skulebygg. Nytt skulebygg blir handsama innanfor prosjektramma til nybygget i 2021/2022.

For helse og administrasjon er det i hovudsak programvare og datamaskinar som blir prioritert høgast.

Framlegg til IKT- budsjett inneber også gradvis utskifting av eldre materiell.

Det ligg inne auka kostnader til digitalisering i kommunen. Som del av innføringa av nytt sakshandsamingssystem har kommunen fått tilgang til ei løysing for å kunne digitalisere skjema. Systemet er integrert med sakshandsamingssystemet og vil kunne gi effekt både for innbyggjarar/ næringsliv og tilsette.

Det er også satt av midlar til oppstart av mindre digitaliseringsprosjekt i kommunen. I utgangspunktet er det tenkt oppstart av fleire mindre prosjekt i 2021.

#### 8.1.6. Økonomiavdelinga

Hovudoppgåvene i avdelinga er rekneskapsføring, løn, fakturering, e-Handel, budsjett, innkjøpsavtalar, personalpolitikk og HMS. Skatteoppkrevjarfunksjonen har vore ivaretatt av Haugesund kommune men vert frå 01.11.20 overført til staten.

Avdelinga har det overordna ansvar for at sentrale lovar og reglar innan rekneskap/økonomiforvaltning og løn/arbeidsforhold/HMS vert ivaretatt, og utarbeide/revidere lokale reglement og retningslinjer innafor desse områda. Utover dei faste oppgåvene har avdelinga fokus på å gi service til seksjonane og hjelpe til med rapporteringar, statistikkar, berekningar etc. der det er behov.

Avdelinga har ansvaret for dei fleste av dei sentrale dataprogramma som er i bruk og har dei sentrale databasane som skal samhandle med andre fagprogram. I samarbeid med seksjonane har avdelinga

innført og integrert nyttige IKT-verktøy med gode og sikre rutinar, og som vil føre til meir effektiv bruk av ressursar ute i driftseiningane

Samarbeid med andre kommunar er svært viktig innafor fagområdene økonomi og lønn/personal. Små og mellomstore kommunar har normalt enkeltpersonar i desse funksjonane og manglar fagmiljø i eigen kommune. Kommunane på Haugalandet og i Rogaland har brukarforum for Unique program, kor fokus er å dele kunnskap. I tillegg har økonomisjefane eit tett samarbeid, og dette gir eit godt fagmiljø som sikrar at kvaliteten i økonomiarbeidet i kommunane er god og samordna i Haugalandskommunane. Personalansvarlege i dei små og mellomstore kommunane i distriktet har også eit nært fagleg samarbeid.

Unique sine løn-, faktura og økonomiprogram har vore eit driftsikkert verktøy som har god funksjonalitet. Drifta av programma inkl. server er lokalisert til Sykkylven kor vi i 4K (Bokn, Forsand og Utsira) har driftsavtale med eit lokalt firma. Dette samarbeidet starta opp i 2005. Leverandøren gir ein «sky-teneste» kor vi kun kjøper lisensar for den enkelte brukar, og leverandøren har programvaren på sitt tekniske utstyr. Denne løysinga gir kommunane stor fleksibilitet mhp. eventuelle endringar i drift pga kommunestrukturdebatten, og kostnaden for kommunen er også blitt lågare sidan vi ikkje lengre treng å investere i eigne serverar, men utnyttar stordriftsfordelene på ein god måte. Drifta er fortsatt imponerende god, med oppetid, gode timepriser for arbeid, god teknisk kompetanse og service.

Utgiftene til vedlikehald og driftsavtalar for dei dataprogramma vi har innan økonomi, fakturering, fakturascanning og lønn/personal er budsjettert til kr. 400.000. Totale kostnader for alle driftsavtalane for dataprogram i kommunen er på ca kr.1.850.000,- i året.

#### 8.1.7. Personal/HMS

I budsjettet for 2021 har vi vidareført same drift som tidlegare. Sentraladministrasjonen har ansvar for at det vert gjennomført arbeids-helse undersøking ihht lovverket, og at det vert gitt nødvendig opplæring i HMS arbeid for leiarar, tillitsvalte og verneombod. Kommunen har eit samarbeid med Aktimed og det vert utarbeidd eigne handlingsplanar for den enkelte seksjon som også budsjetterer inn konkrete HMS tiltak etter behov.

Innafor personaltenesten har vi som tidlegare budsjettert med utgifter til gratiale, HMS arbeid og velferdstilbod til dei tilsette og kostnadene til Aktimed som er på ca 250.000,-. I tillegg har vi som tidlegare budsjettert med kr. 130.000 pr. år for seniorpolitiske tiltak ihht, vedtatt plan for seniorpolitikk.

AMU har for 2021 planlagt normal drift med 4 årlege møter. Målet er fortsatt å få opp aktiviteten på alle områder som gjeld helse, arbeidsmiljø og sikkerheit. Kommunen har utarbeidd mange gode rutinar og retningslinjer for dette arbeidet. Fokuset på oppfølging av sjukemeldte vil fortsetja, men meir med fokus på nærvær, kva som er dei viktige faktorane til at det er kjekt å gå på jobb. Vi bruker også elektronisk registrering og behandling av alle avvik innan HMS. Kommunen har eit elektronisk kvalitetssystem som omfattar både HMS og kvalitet i tenestene.



### 8.1.8. Beredskapsarbeid

Beredskapsarbeidet i kommunane er eit viktig arbeidsområdet der kommunen både gjennom faktiske hendingar og gjennom regelmessige øvingar blir testa ut når det gjeld å behandla så vel store hendingar til mindre hendingar som kan ramme lokalsamfunnet.

I Bokn har ein organisert arbeidet gjennom ei kriseleiing, eit krisesekretariat og eit Evakuerings- og pårørande senter (EPS-senter) i tillegg til tenesteområda som dekkjer oppgåver innan sine arbeids- og ansvarsområde. Rådmannen er ansvarleg for leiing av krisearbeidet i kommunen og er leiar av kriseleiinga. Dei enkelte sine oppgåver og ansvar følgjer av kommunen sin beredskapsplan.

Det løypande beredskapsarbeidet i Bokn skjer delvis gjennom arbeidet i ei felles ressursgruppe for Karmøy og Bokn der rådmann, teknisk sjef og informasjonsansvarleg i Bokn kommune deltar. I tillegg til kvartalsmessige møter med utvida kriseleiing i Bokn saman med beredskapskoordinator for Bokn og Karmøy.

Planane skal i løpet av det fyrste året etter nytt kommuneval leggast fram for kommunestyret til ny behandling. Revidert beredskapsplan og heilhetleg ROS og blei godkjent av kommunestyret 27. oktober 2020. Deretter vil beredskapsplanen årleg bli evaluert og revidert av rådmannen.

Regionalt har dei 6 kommunane på ytre Haugalandet etablert eit beredskapskoordinatorsamarbeid som arbeider med felles planlegging og gjennomføring av regionale øvingar og utvikling av heilhetleg ROS og beredskapsplanar.

Bokn kommune har inngjekk i juni 2019 eit samarbeid med Karmøy kommune om ein felles beredskapskoordinator i samsvar med tidlegare vedtak i Bokn.

Beredskapsarbeidet i kommunane er heimla i lov. Fylkesmannen fører regelmessige tilsyn med at kommunane oppfyller krava i loven om eit forsvarleg beredskap.

### 8.1.9. Innkjøp

Sentraladministrasjonen har også ansvar for innkjøp av varer og tenester som vert fordelt på alle andre tenester. Utgiftene gjeld bl.a. telefon, rekvisita, data, forsikring og liknande. Totalt utgjer dette ca 7 mill. av rammeområdet sitt budsjett. Desse kostnadene vert fordelt på dei ulike tenestene ved årsslutninga av rekneskapen.

### 8.1.10. Prøveprosjekt bussruter på bestilling

Rådmannen har lagt inn 100 000 kroner til prøveprosjekt bussruter på bestilling. Prøveprosjektet er eit samarbeid med Kolumbus.

Kollektivtransport på bestilling er ikkje noko nytt, Kolumbus har fleire ruter i mindre befolkningstunge områder som krevjer forhåndsbestilling før dei kjøres. Denne ordninga krevjer som regel bestilling innan kl. 15.00 dagen før og må bestillast gjennom telefon eller utfylling av skjema på Kolumbus sine nettsider.

Bestillingsordninga er ikkje eit dør-til-dør-tilbud, men kjøres til holdeplasser på avsatt rutetrasé.

Dersom et område har en stor andel eldre personar, kan det være med på å tale for ein tilpassa bestillingsteneste med kollektivtransport. Spesielt om det er langt til haldeplass, eller at det ordinære kollektivtilbudet ikkje fangar opp denne gruppa i tilstrekkeleg grad.

I snitt er samla antal eldre på Bokn ca. 20 %.

Flest eldre finn ein i grunnkretsane Føresvik og Alvestad, naturleg nok ettersom det også er dei mest befolka grunnkretsane på Bokn. Det betyr og at nærmare 60% av skysstbehovet for denne gruppa ligg innanfor områder med relativt korte avstander til kommunesenteret.

Dagens kollektivtilbod på Bokn består av en rutebuss, to skolebussar, samt Kystbussen

Rute 243 kjøres mellom Bokn og Haugesund. Ruta har ein morgonavgang Bokn-Haugesund og en ettermiddagstur Haugesund-Bokn, kjøres kun skoledager.

Skoleruta SK 4511 har tre avganger dagleg og kjøres kun skoledager.

Skoleruta SK 4512 har to avganger dagleg og kjøres kun skoledager.

Kystbussen har eit utstrakt tilbod mellom Stavanger-Haugesund og Bergen, via Bokn, og stopper normalt på alle godkjente haldeplasser langs traséen den kjører.

Bokn kommune sendte ut eit spørreskjema til enkelte grupper på Bokn og på bakgrunn av denne er det er to behov som peiker seg særleg ut i innspela frå kommunen sine innbyggjarar:

- Transport til/fra funksjoner i Føresvik
- Bedre kobling til Aksdal/Haugesund

Kartlegging av befolkning og demografiske forhold gir oss informasjon om passasjergrunnlaget.

Eksempelvis kan større andel eldre, som Bokn kommune har, tale for en bestillingstjeneste på grunn av mulighet for mer tilpasset tilbud, eller dør-til-dør transport.

Kolumbus foreslår eit prøveprosjekt med:

- Bestillingsbuss
- Bussene kjører ikke på skolens fridager/ ferier.
- Ordinære Kolumbus takster, kort, app eller kontant.
- Prøveperiode på 1 år med felles oppfølging etter 4, 8 og 12 måneder.
- Totalpris kr 160 000,- pr år.
  - Kolumbus bidrar med kr 60 000,- i prøveperioden.
  - Kommunen finansierer det resterende beløp.

#### 8.1.11. Teneste 1300 Administrasjonslokaler

Boknatun er 100% eigd av kommunen og vi leiger ut lokala til fysioterapeut og frisør.

Sidan Boknatun er eit kombinasjonsbygg har vi anslått at ca 30% er den andelen av bygget som vert brukt til administrasjonsbygg inkl. utleigelokaler.

#### 8.1.12. Teneste 1800 Diverse fellestenester

Tenesta inneheld utgifter til forsyningsnemnda, sivilforsvaret, eldreråd og forliksrådet. Her budsjetterer vi også pensjonsavvik, denne er lagt inn på same nivå som tidlegare med 500.000. Dei øvrige tenestene er også budsjettert med same prisjusterte nivå som i 2020.

#### 8.1.13. Teneste 2330 Førebyggande (Folkehelse)

Kommunen har i ein del år satt av kr. 200.000,- til folkehelsemidler og fått kr. 100.000,- i tilskot frå fylkeskommunen. På grunn av budsjettsituasjonen er dette tatt ut av budsjettet for 2021. Folkehelseplanen må i åra framover gjennomførast innafor ordinært budsjett.

Det arbeidast godt tverrfagleg med folkehelsearbeid i Bokn. Det er danna eit utval for folkehelse som skal møtast regelmessig for å diskutere og planlegge tiltak knytt til folkehelse i Bokn. Kommuneoverlegen har mellom anna utarbeida ei oversikt over moglege tiltak knytt til born og unge sin situasjon i samarbeid med helse, skule og barnehage.

#### 8.1.14. Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand til næringslivet

Bokn kommune har eit sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt.

Rådmannen ser det som viktig at det blir lagt til rette for å oppretthalda eksisterande arbeidsplassar i tillegg til å skapa nye arbeidsplassar i det felles busetting- og arbeidsmarknaden me har på Haugalandet. Sjølv om det er enkelt å pendle inn og ut av kommunen ser ein likevel nær samanheng mellom etablering av lokale arbeidsplassar og auka busetting og vekst i kommunen.

Nye bompengeprojekt og auke i bompengesatsane vil kunne gjere det mindre attraktivt å pendle mellom kommunane for å jobbe, og det er difor viktig med arbeidsplassar i Bokn eller i nær tilknytning til kommunen.

Bokn kommune sitt næringsapparat består av ordførar, rådmann og teknisk sjef. Haugaland Vekst IKS fungerer ikkje som kommunalt næringsapparat lenger – verken for Bokn eller dei andre kommunane som eig Haugaland Vekst.

Frå 1. januar 2019 fekk Haugaland Vekst IKS ny eigarstruktur og nytt arbeidsområde. Selskapet skal no jobba med store regionale prosjekt som er viktige for utvikling og vekst på Haugalandet – særleg innanfor kommunikasjon, reiseliv, rekruttering, utdanning og etablering av viktige samfunnsinstitusjonar.

Det kommunale næringsfondet blei tilført 500.000 kroner i 2020. Desse midlane er per dags dato unytta – og står til disposisjon i 2021. Det er ikkje funne rom for styrking av næringsfondet i 2021. Sjølv om beløpa som har vore tildelt frå fondet har vore små, har det vore viktige tilskott - både for dei etablerte verksemdene og nyetablerarar.

Arbeidsplassar på Kårstøanlegget og i Haugaland Næringspark as vil vere viktige for Bokn i framtida. Haugaland Næringspark as blei i 2019 overført frå Haugaland Kraft as til kommunane Karmøy, Haugesund, Tysvær, Vindafjord og Bokn.

Kommunane vil då stå som direkte eigarar av Næringsparken med ansvar for marknedsføring og leige/sal næringsstomtene. Ein har tru på at dette vil kunne gi fleire nye arbeidsplassar i nærområde til Bokn.

Det er behov for aukt elektrisitet på Haugalandet. Det lages derfor ei utredning for bygging av en ny 420 kV-linje til regionens sentralnett. I sine berekningar har Statnett per i dag lagt til grunn at de større aktørane som skal bruke den nye linja, skal dele kostnadene for Statnett sin utredning ifm. konsesjonssøknaden. Eigarkommunane til Haugaland Næringspark AS (HNP) vil gjennom HNP bidra med ansvarlege lån til HNP for å sikre at arbeidet med linja gjenopptas. Det er estimert totalt 10 mill. kroner fordelt på årene 2021-2023 for det kraftbehovet som HNP representerer. Bokn kommune sin del av dette er 2,10 prosent, tilsvarande kommunen sin eigarandel i HNP.

Dette utgjør 210 000 fordelt slik : 21 000 kroner i 2020, 63 000 kroner 2021 og 84 000 kroner i 2022 og 42 000 kroner i 2023.

Bokn kommune har i eksisterande kommuneplan sett av store areal sør for Knarholmen til næringsføremål.

Arbeidet med utarbeiding av ein områdeplan er starta opp, men arbeidet har vore forsinka mellom anna som følgje av motsegn frå SVV og motstand frå ein grunneigar om arkeologiske undersøkingar i området. Dette er no gjort og arbeidet med områdeplanen blir vidareført i 2020.

Rogfastprosjektet vart starta opp i 2018, men er førebels sett på vent grunna utarbeiding av nye anbod. Som følgje av diverse utsettingar er det no signal om at prosjektet fyrst vil stå ferdig i slutten av 2031.

Prosjektet vil kunne få stor betydning for busetting og utvikling i Bokn kommune. Mellom anna som følgje av kort reiseavstand til Stavanger.

Havbruksnæringa i Bokn er ei viktig næring for kommunen – både i forhold til sysselsetting, busetting og inntektsmessig. Bokn kommune fekk 5,64 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2019 og kommunen har fått 6,7 mill. kroner i 2020. I 2021 er det budsjettert med 3,5 mill. kroner i inntekter frå Havbruksfondet. Tilrettelegging for vidare utviding av oppdrettsanlegg vil kunne gi kommunen auka inntekter i framtida.

Ein har lagt fylgjande hovudmålsettingar til grunn for det vidare næringsarbeidet:

”Næringsutviklingsarbeidet i Bokn skal legga til rette for å bevare og vidareutvikla eksisterande næringsliv og legga til rette for etablering av ny verksemd i kommunen.

Bokn vil spela ein aktiv rolle i regionalt næringsarbeid gjennom deltaking i Haugaland Vekst IKS, Haugaland Næringspark as og Destinasjon Haugesund og Haugalandet.

Bokn kommune har tru på at bygging av Rogfast – både i byggeperioden og etter ferdigstilling – vil skape positive ringvirkningar for næringsutvikling i kommunen. Kommunen vil i ei slik samanheng arbeide for å legga til rette for etablering av nye næringsområde sør for Knarholmen gjennom utarbeiding av ein områdeplan for næring sør for Knarholmen

Bokn kommune vil i arbeidet med rullering av arealdelen til kommuneplanen legge stor vekt på dialog med næringslivet for å få innspel om behov for å sette av nødvendig næringsareal på Bokn.

#### 8.1.15. Teneste 3251 Landbruk

Frå 1. januar 2018 er det inngått avtale om felles landbrukskontor med Karmøy kommune. Årleg kostnad er vidareført med kr. 250.000,- . Midlar til Tveit vidaregåande er førebels foreslått vidareført i 2021.

#### 8.1.16. Teneste 3010 Plansaksbehandling

Kommunal plansaksbehandling er frå hausten 2020 lagt inn under teknisk sjef sitt ansvarsområde. Saksbehandlar har gjennomført SAM-plankurset. Samplan er eit studium i samfunnsplanlegging der deltakarane får gode kunnskap om planleggingsmetodar og plan- og bygningsloven som styringsverktøy. Teknisk sjef er sentral i det pågåande arbeidet med utarbeiding av planstrategidokumentet for Bokn kommune og utarbeiding av ny arealdel til kommuneplanen.

I tillegg har teknisk sjef oppfølginga av plansaker for Bokn som blir behandla av saksbehandlar i Karmøy.

#### 8.1.17. Teneste 3900, 3930 Den norske kyrkja og kyrkjegard

Kommunane har nå ansvar for alle kostnadene vedrørende drift av kyrkje og kyrkjegard. Overføringa på kr.1.040.000 for 2021 er på same nivå som i 2020, dvs. ei prisjustert auke på 1,6 %. For drift av kyrkjegarden er det budsjettet med kr.154.000, inkl kr. 20.000 for klipping av trær.

Av overføringa vert ca kr. 115.000,- ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester bl.a. køyring av løn, føring av rekneskap, telefon, klipp og vedlikehald av kyrkjegard etc.

Når det gjeld ekstraordinært vedlikehald av kyrkja, vart den gamle planen for vedlikehald berre delvis gjennomført og kyrkja har fortsatt eit vedlikehaldsfond. Det er lagt inn avsetning til orgel på kr. 50.000 årleg i planperioden.

#### 8.1.18. Teneste 3920 Andre religiøse formål

Staten overtar frå 1.januar ansvaret for den kommunale delen av tilskudd til tros - og livssynssamfunn med unntak av Den norske kyrkja.

## 9. Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage

### *Seksjonen omfattar:*

Barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, pedagogisk psykologisk teneste (Karmøy PPT), kultur, musikk og kulturskule, idrett og bibliotek.

Netto driftsramme for 2021 er på kr 24 518 000,-

### *Generelt:*

Kommunen har de siste åra merka at ein har ei betydeleg strammare økonomisk ramme, og dette vil ein og merke dei kommande åra. Seksjonane må for å kunne møte dette ha eit kontinuerleg fokus på fornying, forbetring og framtid, og ressursbruken må til ein kvar tid skal sjåast opp mot behova i sektoren.

Skule og barnehagesektoren er i ei endring- og fornyingsfase på mange område. Ny rammeplan vart innført i barnehagen hausten 2017, medan det hausten 2019 vart innført ny norm for pedagogtettleik og norm for den totale bemanninga i barnehage. Ved skulestart hausten 2020 trådde ny læreplan i kraft i skulen. Fellesnemnaren for både barnehagen sin rammeplan og skule sin nye læreplan er at dei begge har felles verdigrunnlag og prinsipp som skal ligge til grunn for all opplæring og danning. Samstundes er det innført ei ny lokal ordning for kompetanseutvikling i både skule og barnehage som skal ligge til grunn i kvalitetsarbeidet. Kompetanseutvikling har gått frå å i stor grad være nasjonalt styrt til no å skulle drivast lokalt/regionalt basert på kunnskap om behovet for kvalitetsutvikling i eigen organisasjon. Den nye ordninga vert forvalta av Fylkesmannen. I ordninga vert det og stilt krav om eit formalisert samarbeid mellom kommunane, samt mellom kommunane og UH-sektoren som ein sentral kompetansepartner i arbeidet. Denne lokalt styrte og kunnskapsbaserte ordninga vil gi Bogn ei naudsynt, etterlengta og auka moglegheit til å utvikle seg både saman med og i samarbeid med kommunane rundt oss, samt at kommunen sjølv i større grad kan stå i førarsete for eige utviklingsarbeid.

#### 9.1.1. Skulen

*“Kompetanse er å kunne tilegne seg og anvende kunnskap og ferdigheter til å mestre utfordringar og løyse oppgåver i kjente og ukjente samanhengar og situasjonar. Kompetanse inneber forståing og evne til refleksjon og kritisk tenking “*

(Frå overordna del, læreplan for kunnskapsløftet 2020).

Endringane i samfunnet og kunnskapsutviklinga skjer i eit stadig raskare tempo. Skulen er ein del av samfunnsstrukturen, og i ein verden der ein stadig må omstille seg i raskt tempo er fagleg fornying

eit nøkkelomgrep. Skulen må omstille seg i takt med det som skjer i samfunnet, og utdannar i dag elevar til ei framtid me ikkje kjenner og jobbar som enno ikkje finst. Det vert derfor stilt økte krav til endring av kompetanse, både for det enkelte individ-, samfunns- og arbeidslivet og for skulen. Den teknologiske utviklinga vil gi store endingar i arbeidsmarknaden. Dette framtidssbilde og ein stadig raskare utvikling må få konsekvensar for utdanningssektoren. Bokn tar stadig nye grep for å møte denne utfordringa. Alle elevane i skulen har sidan hausten 2018 hatt sine digitale læringsvektøy. Samstundes har kommunen jobba systematisk og målretta med tema “djupare læring med digital støtte” kor målet er at ein skal auke elevane si læring gjennom forbetra undervisningspraksis ved hjelp av digitale metodar. Dette arbeidet har vore gjennomført bl.a gjennom samarbeid med Karmøy kommune og Learn Lab.

Skulen har som mål for perioden og bygge gode og inkluderande læringsmiljø kor alle elevar få vidareutvikle sin sosiale kompetanse og opplever tryggleik og inkludering. Som ein del av denne satsinga er det etablert innsatsteam på skulen samt at det skuleåret 2020/2021 vert gjennomført skulering for alle tilsette, samt veiledning for skulens innsatsteam gjennom eit samarbeid med læringsmiljøsentret ved UIS. Hausten 2017 blei det innført eit nytt lovverk knytt til elevane sitt læringsmiljø. Arbeidet som no er iverksett er med på å styrke innsatsen mot dette området, og med mål om å få operasjonalisert det nye lovverket ytterlegare. Satsinga vil være eit fokusområde i heile økonomiplanperioden. Kommunen har og sett som mål å få revidert planen for trygt og godt skulemiljø innan 2021.

Andelen av elevar i skulen som tek i mot spesialundervisning er 5,5 prosent per 2020. Dette talet har dei siste fire åra variert mellom 4,4% og 7,3%. Landsgjennomsnittet har i same periode vore på mellom 7,6 og 7,8%. Målet er at den ordinære undervisninga er så godt tilpassa elevane at behovet for spesialundervisning skal haldast på dagens nivå kommande år. Det vil gi eit større handlingsrom i skulen etter som spesialundervisning er ein lovpålagt rettighet.

Bokn kommune fekk fram til 2017 tilført ressursar frå staten til finansiering av ca 0,3 årsverk knytt til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.-4.trinn. Formålet med ordninga var å auke lærartettleiken på 1.-4.trinn. Desse midlane blei i 2018 tatt inn i satsinga på den nye lærarnorma som trådte i kraft frå hausten 2018. Utbetalinga i 2018 og 2019 vart dermed knytt til “auka lærarinnsats for 1.-10.trinn”. Frå 2020 er desse midlane innlemma i rammetilskotet.

Tidleg innsats er svært viktig for å gi alle barn og unge ei opplæring som rustar dei for framtida. Å kunne fange opp dei som blir hengande etter i grunnleggande ferdigheiter så tidleg som mogleg er avgjerande for deira vidare opplæring. God kvalitet i opplæringa vil kunne både redusere behovet for spesialundervisning, samt gi auka handlingsrom for å forbetre undervisninga.

Skulebudsjettet for 2021 er justert for å tilpasse drift og spesialpedagogiske tiltak utan å auke ramma. Tall frå SSB viser at skulen vil ha ei nedgang i elevtalet dei kommande 15 åra. Ut frå kjente tal vil det i perioden 2021/2022 til 2024/2025 være ein nedgang på 13 elevar. Denne nedgangen vil medføre ei endring i behovet for årsverk. Gjennom eit vedtak i budsjettet for 2018 vart skulen ein fådelt skule, og fådelinga på barnetrinn og ungdomstrinn gjer at det kvart skuleår vil være 5 til 6 klassar<sup>1</sup> der to til tre trinn er samanslått i kvar klasse. Elevtalet i kvar klasse vil i stor grad i same periode ligge på mellom 12 og 25 elevar.

---

<sup>1</sup> Ein klasse kan bestå av fleire grupper med elevar frå ulike trinn.

Kommunen er i gang med bygging av ny skule som skal romme 1.-7.trinn, samt spesialrom, og eit fellesareal. Bygget er utforma slik at det skal være kombinert skule og kulturhus. Det er planlagt at riving av den gamle skulen vil bli påbegynt på nyåret i 2021, og ny skule skal etter planen stå klar til innflytting ved haustferien 2022. Det vil i byggeperioden bli satt opp eit midlertidig skolebygg for ein del av elevane på skulen.

I tråd med nye kompetansekrav for lærarar som trer i kraft i 2025 har skulen årleg lærarar som tek etterutdanning/vidareutdanning gjennom den nasjonale ordninga «*Kompetanse for kvalitet*». Vidareutdanninga vert i stor grad finansiert gjennom tilskot frå utdanningsdirektoratet.

Hausten 2018 vart det innført digitale læringsverktøy i skulen med iPad 1:1. Alle elevar i skulen fekk utdelt sin eigen iPad som digitalt læringsverktøy, og både elevar og lærarar deltok i kompetanseheving i oppstarten i regi av eksterne veiledarar. iPad 1:1 har vore eit viktig verktøy i Koronaperioden som både læringsplattform og kommunikasjonsverktøy. Digital kompetanse og bruk av digitale verktøy blir vektlagt i ny læreplan, og etter som me veit at elevane i dagens skulen kjem ut i yrker som ennå ikkje finst vert digital kompetanse ei vidare satsing i skulen i alle fag, samt at skulen frå hausten 2020/2021 og tilbyr programmering i valgfag på ungdomstrinnet.

### 9.1.2. Barnehagen

Bemanningsnorm og ny pedagognorm blei vedteke av regjeringa, og trådde i kraft frå 1.august 2018. Dette ligg no til grunn for drifta. Barnehagen jobbar med kvalitetsutviklingsarbeid knytt til krava i rammeplanen, og har særleg fokus på korleis den pedagogiske leiinga skal bruke kunnskap om barnehagen som grunnlag for kvalitetsutviklingsarbeidet. Frå 2021 er det varsla lovendringar i barnehagelova som særleg gjeld det psykososiale miljøet i barnehagen og kravet til at alle skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø kor det er nulltoleranse for mobbing og krenking. Lovendringar gir barnehagen delplikter som må fyllast gjennom eit kontinuerleg og systematisk arbeid.

Det vert vidare innført ei lovendring som stil krav til at kommunen skal skilje oppgåva den har som barnehagemyndede frå oppgåva kommunen har som barnehageeigar. For å kunne ivareta denne lovendringa vil administrasjonen søkje interkommunalt samarbeid slik at tilsynsfunksjonen som ligg i rolla som barnehagemyndede vert tatt i vare dersom ei risikovurdering tilseier at det er behov for eit stadleg tilsyn.

Barnehagebudsjettet for 2021 er justert for å tilpasse drift og spesialpedagogiske tiltak utan å auke ramma. Tall frå SSB viser at barnehagen vil ha ei nedgang i barnetalet dei kommande åra. Denne nedgangen vil medføre ei endring i behovet for årsverk allereie i 2021.

Barnehagesatsane fylgjer staten sine maksimalsatsar, samt dei nasjonale ordningane for reduksjon i foreldrebetalinga og gratis kjernetid, rekna ut frå føresette sitt inntektsgrunnlag.



### 9.1.3. SFO

Utdanningsdirektoratet jobbar med og utvikle ein ny nasjonal rammeplan for SFO. Utkastet kjem på høyring i slutten av 2020, og skolefritidsordningane skal ta i bruk rammeplanen frå hausten 2021. Målet med rammeplanen er at den skal være med og bidra til eit meir likeverdig tilbod i skolefritidsordninga. Samstundes skal den sørge for at det lokale handlingsrommet blir tatt i vare, den lokale eigenarten, og dei lokale tradisjonane. Rammeplanen skal leggje til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar, i tillegg til å gi barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Antall born som nyttar SFO i kommunen har gått gradvis ned dei siste åra grunna mindre årskull, men av det totale elevtalet i 1.-4.trinn ser ein at det årleg er mellom 70 – 80% av elevane som nyttar tilbodet.

### 9.1.4. Pedagogisk psykologisk teneste

Bokn kommune vidarefører avtalen om kjøp av PP tenester frå Karmøy kommune som vart inngått i 2013. PPT deltek aktivt i einingane sitt kvalitetsutviklingsarbeid med sin kompetanse, og er ein sær viktig ressurs både på system og individnivå. Einingane samarbeida godt med tenesta, og kommunen får gjennom samarbeidet tilgang til eit stor fagmiljø med høg kompetanse.

### 9.1.5. Kultur

Kommunen ynskjer å utvikle og gi framtidsetta tenester innan kulturfeltet. Tenesteområdet kultur omfattar bibliotek, kulturskule, kulturformidling, kino og museum.

Biblioteket har som mål å vidareutvikle seg som ein arena for kulturformidlar og som møteplass for innbyggjarane i kommunen, og nye aktivitetar vil bli ein del av tilbodet. Det vil i 2021 bli sett på korleis biblioteket i Bokn kan utvikle seg vidare ut frå nasjonale målsettingar for bibliotekdrift og satsingane i regional bibliotekplan for Rogaland.

Musikk- og kulturskolen er ein arena som skal gi born og unge med interesse for kunst og kultur moglegheiter til ei vidareutvikling av dette. Musikk- og kulturskolen ser at det i 2021 vil være ei har som mål å auke aktiviteten i 2021 slik at barn og unge i Bokn kan ta del i fleire tilbod enn det ein har pr i dag.

9.1.6. Tenestene 2020 Bokn skule, 2130 Vaksenopplæring, 2220 Bokn skulebygg, 2221 Bokn skule, skyss

#### 9.1.6.1. *Budsjettmål:*

*Bokn skule skal arbeide for eit trygt og godt skulemiljø, og å jobbe aktivt for å involvere foreldre og føresette i dette arbeidet.*

*Bokn skule skal være ein skule kor opplæring vert tilpassa den enkelte elev sine evner og føresetnader, og kor dei grunnleggande prinsippa for læring ligg til grunn i møte med fag og tverrfaglege tema.*

*Bokn skule skal vera ein viktig bidragsytar for å skape sosiale og kulturelle møteplassar for heile befolkninga i Bokn.*

*Bokn skule skal drive kunnskapsbasert skuleutvikling ut frå eigen praksis, lokale behov, og i samarbeid med omkringliggande kommunar.*

*Bokn skule skal vera ein arbeidsplass som gir tilsette rom for fagleg og personleg utvikling, med høgt fokus på trivsel og arbeidsnærvær.*

#### *Læringsresultat*

Nasjonale prøvar blir gjennomført kvart år i fagområda lesing, rekning og engelsk. Prøvene viser grunnleggande ferdigheiter. Bokn har dei siste åra scora lågare enn landsgjennomsnittet på desse. Det var ein av årsakene til at kommunen våren 2020 vart teken med i utdanningsdirektoratet si oppfølgingsordning. Ordninga har som formål å hjelpe kommunar og skular med å drive systematisk og målretta kvalitetsutvikling. Ordninga vil gå over 3 år fram til og med våren 2023.

#### *Skulemiljø*

Elevundersøkinga vert gjennomført årleg og skal kartlegge korleis elevane har det på skulen på ulike områder. Indikatorane motivasjon, meistring, trivsel, trygt miljø og mobbing er indikatorar som meiner kan knytast til elevane sitt lærings- og skulemiljø. Resultata har over dei siste åra ikkje vore som ynskja, og kommunen har difor vald å satse særleg på systematisk kvalitetsutvikling på desse områda gjennom satsinga på "Trygt og godt skulemiljø".

Skulen har som eit av tiltaka i denne satsinga etablert eit innsatsteam. Rektor leiar teamet som består av skulen si leiing, sosiallærer, spes.ped koordinator, sosiallærer og SFO leiar. Teamet jobbar med skule- og læringsmiljøet både på systemnivå og i enkeltsaker og skal være ei støtte og ressursgruppe for skulens tilsette i dette arbeidet. Våren 2020 blei det utarbeida ei handlingsrutine for skulen som viser korleis skulen skal arbeide for å oppfylle delpliktene i lovkrava i kapittel 9A i opplæringsloven som omhandlar elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Kommunen vil i løpet av 2021 utarbeide ein plan for trygt og godt barnehage- og skulemiljø.

Skulen er og med i Trivselsprogrammet TL. Målet med programmet er å fremme auka og meir variert leik/aktivitet i friminuttane. Trivselsprogrammet legg til rette for at elevane skal kunne bygge gode relasjonar og redusere konflikt blant elevane.

På ungdomstrinnet nyttar skulen MOT programmet for å jobbe med tema livsmestring og inkludering. Skulen har gjennom samarbeidsavtalen med MOT fått skulert lærarar til å bli eigne MOT coachar som har ansvaret for å drive arbeidet både på system og klassenivå i skulen.

#### 9.1.6.2. *Stillingsramme*

Skulen har ikkje hatt eit eintydig stillingsvedtak kor årsverk har vore knytta til antall elevar. I staden har ein ved planlegging av nytt skuleår i august justert talet på stillingar til dei oppgåvene som skal løysast. Skulebudsjettet for 2021 er tilpassa dagens drift og spesialpedagogiske tiltak. Pr.1.1.2021 vil skulen ha 12,86 lærarårsverk. Samla årsverk for skulen er på 18,21 årsverk og inkludere i tillegg til lærarårsverk og årsverk til administrasjon, spesialpedagogiske tiltak, assistentar/miljøarbeidarar, sosiallærar og skulebibliotekar.

Skulen hadde 90 elevar ved oppstart av nytt skuleår 2020/2021. Kjennskap til fødselstal frå 2020 og bakover viser at årskulla dei neste åra i stor grad er synkande. Dette gjer at ein må planlegge langsiktig for skulen for å få ei drift tilpassa behovet samstundes som skulen skal halde fram med å gi elevande god opplæring i tråd med læreplanen.

#### 9.1.7. Tenestene 2010 Bokn barnehage, 2110 Styrking av barnehagetilbodet, 2210 Bokn barnehagebygg

##### 9.1.7.1. *Budsjettmål:*

*Bokn barnehage skal gje borna gode oppvekst- og utviklingsmoglegheiter i nært samarbeid med foreldre/føresette.*

*Bokn barnehage skal arbeide for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar borna si helse og evne til eigen livsmeistring, og involvere foreldre/føresette i dette arbeidet.*

*Bokn barnehage skal ha fokus på berekraftig utvikling, natur og lokalmiljø.*

*Bokn barnehage skal drive barnehagebasert utvikling ut frå eigen praksis, lokale behov, og i samarbeid med omkringliggande kommunar.*

*Bokn barnehage skal vera ein arbeidsplass som gir tilsette rom for fagleg og personleg utvikling, med høgt fokus på trivsel og arbeidsnærvær.*

Bokn barnehage vil i 2021 arbeide særleg med implementering av dei nye lovkrava om trygt og godt barnehagemiljø. Lovkrava er dei same som vart iverksett i opplæringslova i kapittel 9A i 2017, og barnehagen vil difor kunne hente erfaringar og kompetanse frå skulen i arbeid med implementeringa av dette.

Bokn barnehage vil og ta del i oppfølgingsordninga som er igangsett og skal gjennomførast i skulen frå 2020 til 2023 etter som ein ser at det er naudsynt at skule og barnehage jobbar tettare saman i

kvalitetsutviklinga av både einingane. Etter som borna i barnehagen i Bokn er dei same borna som byrjar på Bokn skule, vil grunnlaget som vert lagt i barnhagen ha ei særleg betydning for det som skal skje vidare i skulen.

#### *9.1.7.2. Stillingsramme*

Etter forskriftene til barnehagelova skal det være minimum éin pedagog per 14 born når barna er over tre år og éin pedagog per 7 born når barna er under tre år og barnas daglege opphaldstid er over seks timar. Innføring av bemanningsnorm krev vidare at det skal vere ein tilsett per tre barn under 3 år, og ein tilsett per seks barn over 3 år. Av den totale bemanninga skal 43% ha pedagogisk utdanning. Dei nasjonale normkrava legg grunnlaget for bemanningsbehovet i Bokn barnehage.

#### 9.1.8. Teneste 2150 Skulefritidsordninga

Rammeplan for SFO vil trå i kraft frå august 2021. Det vil med bakgrunn i dette settast ned ei arbeidsgruppe i kommunen våren 2021 som skal arbeide med implementeringa av denne planen i kommunens skulefritidsordning.

##### *9.1.8.1. Stillingsramme*

Stillingsramma i SFO vart redusert frå 2019 til 2020 og er no tilpassa drifta ut frå antall born som nyttar SFO. Total er stillingsramma på 1,34 for skuleåret 2020/2021.

##### *9.1.8.2. Satsar*

Bokn ligg framleis noko høgt når det gjeld betalingsstsar om ein samanliknar med andre omkringliggende kommunar. Samstundes er kommunen sine nettodriftsutgifter pr. innbyggjar relativt høge samanlikna med andre kommunar.

#### 9.1.9. Teneste 3700 Bibliotek

##### *9.1.9.1. Budsjettmål:*

*Bokn bibliotek skal vera ein uavhengig møteplass for alle.*

*Bokn bibliotek skal vera eit godt skulebibliotek med aktiv formidling.*

*Bokn bibliotek skal i sine tilbod leggja vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet.*

*Bokn bibliotek skal vera ein kulturell arena for aktiv formidling av kunst og kultur.*

*Bokn bibliotek skal ta del i interkommunalt samarbeid*

Det vil i 2021 arbeidast vidare med å legge til rette for at biblioteket skal være ein trygg og god møteplass for innbyggerane i kommunen, samt gi framtidsretta og tilgjengelege tenester.

##### *9.1.9.2. Stillingsramme*

Stillingsramma for 2021 vert vidareført frå tidlegare år. Det inneber ei fordeling på 29% på skulebiblioteket og 60% på folkebiblioteket. Bibliotekdrifta for 2021 har lite endring frå drifta 2020.

9.1.10. Tenestene 2310 Aktivitetstilbod barn og unge, 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus, 3350 Parkar, plassar og torg, 3730 Kino, 3750 Museum, 3770 Kunstformidling, 3850 Andre kulturaktivitetar

#### *9.1.10.1. Budsjettmål:*

*Skapa meiningsfulle fritidsaktivitetar for barn og unge.*

*Ta vare på museumsgjenstandane i Bokn gjennom deltaking i ei interkommunal museumsdrift.*

*Sikra at alle innbyggjarane i Bokn får tilbod om kulturarrangement og aktivitetar.*

*Aktivitetstilbod barn og unge, Kyrkjebygd aktivitetshus*

*Drifta av Petra fritidsklubb vert vidareført slik den har vore i 2020.*

#### *Parkar, plassar og torg*

Det er sett opp 50.000 i budsjettet for 2020 til vedlikehald fordelt på alle leikeplassane, tilskot til velforeiningar, sti-nett vedlikehald og ulike prosjekt i nærmiljøet.

#### *Kino*

Kinodrifta er vidareført på same nivå som ein har hatt i 2020.

#### *Museum*

Det er lagt inn 102 600,- til drift av museum i kommunen. 70 000,- av dette er kommunen sin andel i det interkommunale selskapet Haugalandsmuseene – Museum sydvest AS.

#### *Kunstformidling*

Det er og i 2021 lagt inn 10.000,- for tilskot til arrangement. Arrangementa her vert i stor grad halde på biblioteket eller på sjukeheimen.

#### *Aktivetskort for barn og unge i låginntektsfamiljar*

1.juli i 2020 vart det innført ei ordning med aktivetskort for barn og unge i låginntektsfamiljar. Ordninga har som mål og utjamne sosial skilnad og gi auka deltaking i kultur og fritidstilbod for dei som er i målgruppa for ordninga. Ordninga er finansiert gjennom tilskot frå Bufdir, og målet er å vidareføre denne i 2021 med nye tilskot. Ordninga omfattar mellom anna at dei som får innvilga aktivetskort får gratis inngang i symjehallar i Tysvær og Karmøy, kino i Bokn, Tysvær, Haugesund og Karmøy, kommunale arrangement for barn og unge m.m. samt dekning av utgifter til cupar og leirar i regi av frivillige lag og organisasjonar der dei er medlem.

#### 9.1.11. Teneste 3810 kommunale idrettsbygg/anlegg

Bokn kommune har utgifter til ordinært reinhald av Bokn arena. Kommunen har dei siste åra hatt utgifter til ekstra reinhald etter utleige av lokala til ulike arrangement, og ser ut frå dette at det frå 2021 er naudsynt og vidareføre ordninga kor ein krev betaling for leige av lokala til kommersielle

aktørar for å mellom anna dekke utgifter til ekstra reinhald. Desse inntektene er i 2021 budsjettert med 10 000,- (vidareføring av budsjettert sum frå 2020).

#### 9.1.12. Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Kulturskulen har pr i dag eit begrensa tilbod grunna ressursane som er sett i budsjettet til dette formålet. Det er ikkje rom for å auke dette i budsjetttramma, men ein vil i løpet av våren 2021 undersøkje korleis kommunen kan auke kulturskuletilbodet til kommunens born og unge innanfor eksisterande budsjett, til dømes gjennom interkommunalt samarbeid med andre kommunar.

#### **Betalingssatsar**

Satsane vart vedteke auka i juni 2019 og er no på nivå med omkringliggande kommunar.

## 9.2. Rammeområde 3 – Seksjon helse, pleie og omsorg

### *Seksjonen omfattar:*

Legekontor, helsestasjon med skulehelseteneste, jordmor, fysioterapiteneste, psykisk helseteneste, førebyggjande eining, sjukestove, heimetenester og bu- og aktivitet.

### *Netto budsjettamme.*

Netto driftsramme for 2021 er på kr. 25 823 500,-

#### 9.2.1. Generelt:

Kommunen har dei siste åra merka at ein har ei betydeleg strammare økonomisk ramme, og dette vil ein og merke dei kommande åra. Seksjonane må for å kunne møte dette samstundes som ein har fokus på høg kvalitet i tenestene, ha eit kontinuerleg fokus på fornying, forbetring og framtid, og at ressursbruken til ein kvar tid skal sjåast opp mot behova i sektoren.

Bokn kommune har inngått avtale med Karmøy kommune om sal av inntil åtte institusjonsplassar, og har pr oktober 2020 inngått avtale om sal av fire korttidsplassar og ein langtids plass. Dersom talet på sal av institusjonsplassar er stabilt i 2021 (totalt fem plassar), vil dette gi kommunen ei inntekt på 2 960 000 kroner.

Samhandlingsreforma (2012) er ein retningsreform som la grunnlaget for ein heil del endringar i kommunal helsesektor. Reforma si målsetting var å sikre meir koordinerte helse- og omsorgstenester og ein større innsats for å førebyggja og avgrensa sjukdom.

I 2019 trådde kvalitetsreforma «Leve heile livet» i kraft. Reforma skal bidra til at kommunane jobbar for at eldre skal fleire gode leveår der dei beheld god helse og livskvalitet, og i større grad meistrar eige liv samstundes som dei får helsehjelp når dei har behov for det. Målgruppa for reforma er dei over 65 år som bur heime eller i institusjon. Reforma er i hovudsak retta mot helse- og omsorgssektoren, men for å skape meir aldersvennlege samfunn vil det være behov for tverrfagleg innsats mellom ulike kommunale einingar.

Leve heile livet har fem innsatsområde, desse er:

- Eit aldersvennleg Norge
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenestene

Reforma vart innført i 2019, men er inndelt i fire fasar som strekkjer seg over 4 år:

- Fase 1: Forberedelse og oppstart (2019)
- Fase 2: Kartlegging, planlegging og beslutning (2019-2020)
- Fase 3: Implementering og gjennomføring (2020-2023)

- Fase 4: Evaluering og forbereding (2023)

Vi har i 2020 planlagt ut frå kartlagt behov kva tiltak vi vil iverksette, og vil i løpet av fase tre (2020-2023) starte arbeidet med gjennomføring av desse. I tråd med reforma, vil kommunar som omstiller seg i tråd med reforma, bli prioritert innanfor relevante eksisterande og eventuelle nye øyremerka ordningar frå staten i eksisterande og nye øyremerka tilskotsordningar.

Eit av satsingsområda er *mat og måltid*, og som tiltak vi har kartlagt kvaliteten i våre tenester knytt til mat, ernæring og måltid. Kartlegging, deltaking i utviklingnettverk i regionen for å auke kompetanse innan området, samt erfaringar frå andre kommunar har avdekka eit behov og ynskje om å iverksette tiltak for å auke kvaliteten. Frå 1. kvartal 2020 vart det med bakgrunn i dette innført ulike tiltak, det vart mellom anna innført eit ekstra måltid i døgnet (lunsj) og det vart ei forskyving av tidspunktet for middagservering. I tillegg vart det satt i gong tiltak for å redusere nattfasten for brukarane. I forkant av iverksettinga vart det gjennomført kompetanseheving for alle tilsette i pleie og omsorg. Det vart i denne samanheng sett at der var eit behov for å få auka opp årsverk knytt til kjøkkendrifta. Behova er avdekka etter ei gjennomgang av alle oppgåver som skal løysast av kjøkkenpersonalet.

I tida framover skal helse- og omsorgstenesta utvikle tilbodet i samarbeid med brukarar og pårørande, samt ta i bruk velferdsteknologi og mobilisere lokalsamfunnet på nye måtar.

Den sterke veksten i talet på eldre om nokre år kan gi den kommunale omsorgstenesta fleire og meir krevjande oppgåver. Det er og slik at den nye eldregenerasjonen lever lengre fordi den har betre helse, og kan møte alderdommen med heilt andre ressursar enn tidlegare generasjonar. Utbygginga av nye omsorgsbustadar og fleire pasientrom på sjukestova (ferdig stilt våren 2019), er med på å gi Bokn eit godt grunnlag slik at ein kan imøtekomme ei auking i behov hos den eldre befolkninga.

I budsjett for 2019 var det vedteke at ein i heildøgns pleie og omsorg i Bokn kommune skal bruke pleiefaktor som standard for kor mange tilsette ein bør ha i turnus for å dekkje pleie og omsorgsoppgåvene for ei gitt antall brukara. Det vart lagt fram og vedteke i budsjettbehandlinga at ein i Bokn skal ha ein pleiefaktor på 0,82 for heildøgnsomsorgsplassar. Bokn kommune har pr i dag 13 heildøgns omsorgsplassar i institusjon. Behovet knytt til heimetenester vert rekna ut frå vedtakstimar pr år og antall eldre i befolkninga. Ut frå dei økonomiske rammene dei kommande åra er det behov for å tilpasse ressursbruken til behovet.

Samstundes som ein ser at kommunen har høgare utgifter til pleie omsorg enn det behovet skulle tilseie vert det innført lovkrav om kompetanse i kommunehelsetenesta frå 01.01.2020. Bokn kommune har innafor ordinær budsjetttramma funne rom for å tilsetje ergoterapeut i 10% stilling, men det er behov for at denne vert auka til 20% i løpet av 2021. Dette med tanke på å behalde den lovpålagte ergoterapeuten. Auken vert tatt innafor ordinær drift ved å gjere om på ledige stillingar i pleie- og omsorg. Vi har i den ordinære budsjetttramma for 2021 ikkje rom for å leggje inn ressursar til å innfri lovkravet som omhandlar tilsetjing av kommunepsykolog. Kommunen har kartlagt behovet, og ser at der er behov for at ein knyttar til seg ein kommunepsykolog i 20% stilling, noko som vil sei ei utgiftsramme på ca kr 200 000,- pr år. Bokn kommune ynskjer i tråd med helse og omsorgstenestelova kap 3, § 3-1 knytte til seg lege, sjukepleiar, fysioterapeut, jordmor, helssjukepleiar, ergoeterapeut og psykolog. Vi ser for oss å bruke kommunepsykologen til veiledning av helsepersonell i konkrete saker eller ved behov, til undervisning av kommunalt tilsette, tenkt brukt inn mot det førebyggjande arbeidet på helsestasjon, barnehage og skule. Vi har ikkje tenkt at kommunepsykologen skal brukas i individretta kurativt arbeid.



Tenestene 2320 Skule- og helsestasjon og jordmor, 2330 Førebyggjande arbeid, 2340 støttekontakt, 2410 legekantor og fysioterapi, 2540 psykisk helseteneste.

#### 9.2.1.1. *Budsjettmål:*

Tenesteområdene skal ha fokus på

- å yte tenester med høg kvalitet til innbygarane i alle aldersgrupper
- arbeide målretta med å styrke den førebyggjande innsatsen gjennom lågterskeltilbod, tidleg innsats og fokus på eigenmestring og rehabilitering
- å gi anstade rom for fagleg og personleg utvikling, med høgt fokus på trivsel og arbeidsnærvær
- å sikre samhandling med andre kommunale tenesteområder, andre kommunar, frivillige lag og organisasjonar og helseforetak
- å tilpasse tenestetilbodet til den enkelte sine behov så langt som råd er

#### 9.2.1.2. *Førebuing – skule og helsestasjonstenesta*

Tenesta inneheld skule- og helsestasjonsteneste, med helseundersøking og vaksinasjon av barn og unge, førebyggjande arbeid og rettleiing for familiar med særlege behov, og deltaking i tverrfagleg gruppe saman med skule/barnehage, PP-tenesta og barnevernet. Kommunen har saman med fleire kommunar eit samarbeid om drift av helsestasjon for ungdom i Haugesund. Det lovpålagte kravet om jordmorteneste vert dekkja gjennom kjøp av jordmorteneste på 0,1 årsverk frå Karmøy kommune.

Nasjonale undersøkingar viser ei auke i barn og unge som slit med psykiske og sosiale vanskar. Dette er ein trend som vi og ser i Bokn. Det er eit aukande behov for rettleiing av enkelt elevar, styrking av det psykososiale læringsmiljøet og iverksetting av tiltak for å styrkje foreldra sin evne til å verte trygge vaksne. Kommunen har sidan 2017 søkt og fått innvilga tilskudd frå helsedirektoratet for å styrke helsestasjons- og skulehelsetenesten sitt førebyggjande arbeid. Tilskuddet vert i hovedsak nytta til å auke årsverket knytta til skule- og helsestasjonstenesta frå 0,6 til 1 årsverk. Aukinga har gjort at helsesyster har auka si tidsramme i skulen, samt deltek i skulen sitt arbeid for å styrke det psykososiale læringsmiljøet.

#### 9.2.1.3. *Førebyggjande arbeid, helse og sosial*

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern, kommuneoverlegfunksjon og tilskot til interkommunale ordningar som miljøretta helsevern, krisesenteret, FOU eininga tilknytta samhandling mellom kommunar, høgskule og helseføretak.

Førebygging er ein viktig del av samhandlingsreforma. Folkehelseoven skal sikre at «samfunnet fremmer helse, førebygger sjukdom og utjamnar sosiale helseforskjellar». Samhandlingsreforma inneber målretta satsing på helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Bokn kommune har gjennom tenesteavtalane med Helse Fonna forplikta seg mellom anna til å utvikle lærings- og meistringstilbod til innbygarane. Kommunane er frå myndighetene pliktig å sørgje for at tenester må sjåast i samheng, sikre kontinuitet i tenesteutøvinga, bidra til at

tenesteutøvarane samarbeider om planlegging og organisering av tilbodet og legge til rette for brukarmedverknad. Bokn kommune etablerte ein Frisklivssentral i 2015. Tilbod og aktivitet i denne vert no kobla tettare saman med lærings- og mestringstilbod. Lærings- og mestringstilbud er tilbod om kurs i grupper kor brukar, pasient eller pårørende skal få betre innsikt i eigen situasjon og bli styrka i å mestre livet. Det vart innført ei eitårig prøveordning mellom kommunane Haugesund, Tysvær, Karmøy og Bokn frå november 2018 med mål om samarbeide om å halde lærings- og mestringkurs for alle innbyggjarane i desse kommunane. Ordninga vart evaluert ved årsskiftet 2019/2020, og det vart bestemt at ein vidarefører ordninga eitt år til. Så langt har dette ikkje gitt noko auke i kostnadar ut over det som ligg i budsjettet. På grunn av koronasituasjonen er det ikkje avklart om ordninga fortsett i 2021.

#### *9.2.1.4. Diagnose, behandling og rehabilitering*

Denne tenesta omfattar drift av fastlegekontor, legevakt, legevaktsentral, fysioterapi, ergoterapi, delfinansiering av samhandlingskoordinator, tilskot til SMSO og voldtektsmottak.

I budsjettet er det lagt inn ei auke i vikarutgifter på 600 000,- i 2020 grunna opptente permisjonsrettar for kommunalt tilsett lege. Vikarutgiftene for 2021 vert redusert i budsjett, dette då det ikkje er forventa at vikarutgiftene blir like store som i 2020.

Bokn kommune deltek i ei interkommunal legevaktsordning som er drifta av Haugesund kommune. Dette er ein avtale som er inngått i påvente av ei etablering av felles interkommunal legevakt, brann- og ambulansestasjon for kommunane i regionen som er planlagt skal stå ferdig i 2024. Kostnadane for legevaktstenester vil auka i 2021 grunna endring i drifta og auke i legebemanning på dagtid. Bokn kommune kjøper plassar til kommunale øyeblikkelig hjelp døgnopphald av Haugesund kommune. Kostnad for avtalen er lik statleg tilskot i ramma uavhengig av bruken av sengeplassane.

Kommunane har sidan 2001 med heimel i forskrift vært pålagt å ha koordinerande eining. Frå 01.01.2012 ble dette lovpålagt. Koordinerande eining for habilitering og rehabilitering skal ha en sentral rolle i å legge til rette for god samhandling. Dette gjeld både på individnivå mellom pasient/bruker og tenesteytarar, og mellom tenesteytarar frå ulike fag, sektorar og nivå. Einingane i kommunen skal sørge for at tenester vert sett i samheng, sikre kontinuitet i tenesteytinga, bidra til at tenesteytarane samarbeider om planlegging og organisering av tilboda og leggja til rette for brukarmedverknad.

Frå 1.1.2018 vart det lovpålagt for kommunane å ha ein kommunalt tilsett fysioterapeut. Bokn kommune oppretta i 2017 ei kommunal fysioterapistilling på 20%. Denne vart frå mars 2019 auka til ei 50% fast stilling. Hausten 2019 vart stillinga auka opp til 75% stilling, dette etter tilskotsmidler tildelt frå Fylkesmannen. For 2021 vert stillinga gjort som ei permanent løysing, dette med utgangspunkt i kommunen sitt behov. Kommunen etablerte våren 2020 eit tverrfagleg team bestående av fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar med vidareutdanning i habilitering og rehabilitering. Teamet skal arbeide målretta og systematisk med habilitering og rehabilitering for alle brukargrupper og stykje arbeidet med å ha ei rehabiliterande meistringsfokus i heimetenestane og bidra med tilrettelegging med hjelpemidlar til heimebuande. Ein har som målsetting at fleire på denne måten kan bu lengre heime i eigen bustad. Tenestetilbodet er i tråd med statlege føringar og satsingar og bunnar ut i at kommunane får ansvar for fleire og meir komplekse rehabiliteringsoppgåver. Utfordringa framover blir å få aktivert den enkelte brukar sine ressursar slik

at dei lenger kan ivareta daglege gjeremål og utsette behov for bistand frå det offentlege. På denne måten blir det meir ressursar til dei som verkeleg treng det.

Kommunen har driftsavtale med privatpraktiserande fysioterapeut. Avtalen er på 75 % av fullt driftstilskot. Denne driftsavtalen dekkjer fysioterapitenester til innbyggjarar som treng fysioterapibehandling og som sjølve kan møte opp sjå fysioterapeuten. Stillinga vert redusert til 60% frå 01.01.21, og vil delvis dekkje auka til kommunal tilsett fysioterapeut.

Avdeling Helse og førebygging som inkluderer legetenesta, helsestasjonstenesta, psykisk helse og fysioterapitenesta held til i Boknatun. Denne delen av Boknatun ber preg av slitasje og lokala er for fleire av tenestane ikkje hensiktsmessig utforma for å kunne yte gode tenester til innbyggjarane. Det er som eitt tiltak for 2021 satt opp budsjettmidlar til oppussing av denne delen, og estimert kostand ligg på ca 1 million kroner.

## 9.2.2. Tenestene 2530 sjukestova, 2540 heimetenesta, 2340 bu og aktivitet.

### 9.2.2.1. *Budsjettmål:*

Tenestene skal

- sørge for at alle som har behov for det skal få tilbod om nødvendige helse- og omsorgstenester, og sikre at den enkelte tenestemottakar får god kvalitet på alle tenestene han mottar
- legge til rette for auka fokus på forebygging og rehabilitering som ein naturleg del av tenesteutføringa
- legge til rette for auka fokus på mestring av sjukdom, skade og liding og nedsett funksjonsevne
- skal sikre at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og oppleve at ein aktiv og meiningsfull kvardag i fellesskap med andre
- arbeide systematisk for å innføre tiltak ein ser ein har behov for og som er i tråd med «leve heile livet» reformen
- sikre at tenestetilbodet vert lagt til rette, slik at ein har respekt for den enkelte sin integritet og verdighet
- å gi anstatte rom for fagleg og personleg utvikling, med høgt fokus på trivsel og arbeidsnærver
- å sikre samhandling med andre kommunale tenesteområder, andre kommunar, frivillige lag og organisasjonar og helseforetak

### 9.2.2.2. *Stillingsramme*

Tenesta gir pleie og omsorg og dag og aktivitetstilbod for brukarar i alle aldersgrupper. Tenesta omfattar heildøgnsomsorg, heimesjukepleie, psykiatrisk sjukepleie, heimehjelp, matombringning, tryggleiksalarmar, formidling av hjelpemidlar.

Sjuketova og heimetenesta for pleie- og omsorg er drifta som ei eining og har 21,76 årsverk som inkluderer kjøkken- og vaskeridrift, ressursar til fagutviklingssjukepleiar og einingsleiing. I 2019 måtte kommunen opprette eit eige tiltak med heildøgnsomsorg i psykisk helseteneste. Dette tenestetilbodet medførte ei auke på 5 millionar for 2019. Behovet i tenestetilbodet er no endra og i budsjett for 2021 er tiltaket redusert med 2 millionar kroner (frå 2019).

Pleie- og omsorg har nå tatt i bruk årsturnus for 2020, og kjem til å fortsette med denne og i 2021. Turnusplanlegging er med på å styre ressursbruken, slik at ein har ressursane tilgjengeleg når behovet er størst. Planlegging av ferie og innleige av vikarar blir på denne måten meir forutsigbar, og ein av gevinstane er at me kan planleggje for drift utan for mykje innleige av vikarar.

Det er nasjonalt eit aukande fokus på bruk av velferdsteknologiske løysingar i pleie og omsorgssektoren, og kommunen tek gradvis i bruk nye løysingar ut frå ei individuell vurdering av den enkelte brukar sine behov. Innføring av digitale tryggleiksalarmar har medført ei auka kostnad for kommunen knytt til vedlikehald og drift av utstyret samanlikna med tidlegare.

For kommunane vil satsing på heimetenestene, velferdsteknologiske løysingar og rehabilitering vere eit av dei viktigaste bidraga for å møte utfordringa med fleire eldre innbyggjarar. Å gi heimetenester har ein langt lågare kostnad for kommunen samanlikna med plasser for heildøgnsomsorg, samtstundes som ein og ser at fleire ynskjer å bu heime lengst mogleg.

Psykisk helseteneste yter tenester både i form av lågterskeltilbod og meir systematisk og kontinuerleg oppfølging til personar som slit med forskjellige psykiske vanskar av langvarig eller forbigåande art. Behovet for psykiske helsetenester har dei siste åra halde seg på eit stabilt høgt nivå, med ein pågåande utfordring i høve prioritering av oppgåver og tidsbruk. Det er i dag to tilsette som deler stillinga, men det er ikkje tilbod om tenester på ettermiddagstid. Dersom nokon har behov for tenester på ettermiddagstid vert det vurdert om tilsette i pleie og omsorgstenesta kan yte denne tenesta.

Ei auke i antall eldre i kommunen (over 70 år) og kortare liggetid i sjukehus har medført at fleire eldre vert utskrivne frå sjukehus med funksjonssvikt og behov for rehabilitering. Resultatet er at kommunane vil oppleve at stadig fleire heimebuande eldre treng rehabilitering for å kunne fortsette å leve best mogleg og bu heime. Dette stiller nye krav til innhald i tenestene og arbeidsmetodar. Nasjonalt er det eit aukande fokus på helsefremjande arbeid, tidleg innsats, tilrettelegging av bustad og rehabilitering i heimen, og det er venta at kommunen vil merke ei auke i behovet for heimetenester. Auke i heimetenester og rehabiliterande arbeid vil redusere behovet for heildøgnsomsorg og langtids plass i institusjon, og det kan vere med på å halde kostnadane til pleie og omsorg på eit lågare nivå trass i auke av antall eldre som treng tenester.

I 2017 vart det inngått avtale med Haugaland kraft om kjøp og drift av tryggleiksalarmar. Desse vart innført hausten 2017. Den nye tryggleiksalarman er digital og gir og rom for å koble på andre velferdsteknologiske løysingar tilpassa brukaren sine behov. Våren 2020 signerte Bokn kommune i saman med andre kommunar, under på avtale med Telenor om levering av tryggleiksalarmar. Kommunen vil difor i løpet av 2021 ha denne som leverandør på desse. Etterspurnaden etter tryggleiksalarmar har auka, og ein ser at det i løpet av 2020 må sjåast på tildelingspraksisen av tryggleiksalarman og andre velferdsteknologiske løysingar, og kostnadane knytta til dette då ein i tildeldinga må skilje mellom kva for teknologiske løysingar som vert innvilga gjennom søknad og vedtak etter helse- og omsorgstenesteloven og kva som vert gitt som lågterskeltiltak.

Pleie- og omsorg meiner at det er viktig å støtte arbeidet med å få nok personale med helsefagleg bakgrunn, og har difor hatt lærling i helsefagarbeidet i mange år. Vi vil ta med denne ordninga og i budsjettet for 2021. I tillegg til å ha ein stilling knytt til lærling, er vi positive til å ta imot elever frå vidaregåande skular og høgskulen når desse skal ut i praksis. Vi vil for fyrste gong på mange år ta imot to sjukepleiarstudentar vinteren 2021. Vi kommer til å jobbe for at samarbeidet med Høgskulen Vestlandet fortsett vidare, dette for å sikre at vi får fleire sjukepleiarstudentar i kommande år. Dette er viktig med tanke på rekruttering av denne kompetansen.

### 9.2.3. Bu og aktivitet

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for funksjonshemma i kommunen, samt dagtilbod for eldre. Det er totalt 3 årsverk i eininga.

Dagsenter for heimebuande med kognitiv svikt fekk fram til 2019 øymerka tilskot frå staten for å drive dagsenter til denne gruppa. Frå 2020 er tilskotet lagt inn i rammeoverføringane til kommunen, samtidig som at det er innført lovkrav om å ha tilbod om dagsenter for demente. Drifta av dagsenteret er tatt innanfor allereie eksisterande drift, og det er for 2021 ikkje lagt inn noko auka kostnader i forbindelse med drift. Dagtilbodet er et tiltak som fremmer aktivitet og sosialisering, og er et viktig førebyggande tiltak, og et godt avlastingstilbod for pårørande til demente.

### 9.3. Rammeområde 4 – Sosial og barnevern

#### 9.3.1. Teneste 2810 økonomisk sosialhjelp

Bokn har felles NAV kontor med Karmøy. NAV kontoret er eit samla kontor som inneheld både kommunale og statlege tenester. For Bokn inneber dette at ein må til Kopervik for å få desse tenestene, dersom det ikkje kan løysast elektronisk gjennom NAV si heimeside.

#### 9.3.2. Bustadsosial handlingsplan - investeringar i økonomiplanperioden

Nye sjukeheimplassar og omsorgsbustader vart ferdigstilt i 2019. Det ligg ikkje føre planar om nye prosjekt.

#### 9.3.3. Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge

Rådmannen har som fylgje av stramme økonomiske rammer ikkje funne å kunne vidareføre dette tiltaket i framlegg til budsjett for 2020.

#### 9.3.4. Teneste 2330 Førebyggjande arbeid, helse og sosial

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern, kommuneoverlegefunksjon, krisesenteret, FOU eininga ved HSH. Kommunestyret har vedtatt at skjenkekontrollane skal utførast i eit samarbeid med dei andre kommunane på Haugalandet med Sauda som vertskommune.

Bokn kommune deltar også i eit interkommunalt samarbeid om drift av Krisesenter. Kostnadane for dette samarbeidet blir vidareført i budsjettet for 2021 på same nivå som tidlegare.

#### 9.3.5. Teneste 2340 Aktivisering av eldre og funksjonshemma

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for funksjonshemma i kommunen. I tillegg inngår drifta av dagsenteret for eldre.

Det er for 2021 lovfesta tilbod om dagsentertilbod for heimebuande med demens. Ein vil arbeide for å legge til rette for eit slikt tilbod. Avlasting og støttekontakt er også ein del av denne tenesta. Ordninga omfattar mellom 10 og 15 personar, og fleire av desse er svært omsorgskrevjande. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelp til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar. I tillegg treng pårørande avlastning. Budsjett 2021 for avlastning og støttekontakt er ei vidareføring av budsjettet i 2020.

På grunn av koronasituasjonen har Fylkesmannen denne hausten oppfordra kommunane til å søke om tilskot til drift og økt satsing på aktivitetstilbod. Dette i to ulike tilskotsordningar – ein for institusjonsbebuarar og bebuarar i heildøgns omsorg, og en tilskotsordning retta mot heimebuande eldre. Bokn kommune søkte begge tilskotsordningane, og har fått totalt 750 000 kr som skal brukas til desse to gruppene. Vi jobbar i desse dagar på med utlysing av engasjement, og har et mål om å starte tilbodet 01.01.21.

#### 9.3.6. Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betra levevilkåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja om arbeid, trygd eller utdanning. Denne tenesta vil bli utført gjennom det interkommunale Nav-kontoret.

#### 9.3.7. Teneste 2440 Barneverntenesta

Tenesta inneheld rettleiing, undersøking og oppfølging av barn og familiar.

Bokn kommune kjøper barneverntenesta frå Karmøy.

Barnevernet på Karmøy er organisert med 3 fagavdelingar, inndelt etter funksjonane mottak og utredning, hjelpetiltak og omsorgstiltak. Innsatsen retter seg mot barn som har behov for bistand, etter meldingar frå ulike instansar. Barnevernet får dagleg meldingar, og følgjer opp desse med utgreiing og tiltak gjennom saksbehandlar og familieveileidar. Barnevernet si rolle er å vera støttespelar for foreldra med målretta hjelpetiltak eller å erstatte foreldreomsorga når denne av ulike grunner ikkje strekk til. Ei viktig side ved barnevernet si rolle er å våge å velje barnets perspektiv sjølv om foreldra er ueinige.

Når det oppstår spørsmål om, eller bekymring for barn som har det vanskeleg, skal alle meldingar frå Bokn bli behandla av barnevernet på Karmøy på ordinær måte. Barnevernsarbeidet blir integrert i ein robust teneste med høyt kompetanse og døgnberedskap.

Bokn kommune kjøpar tenester tilsvarande eitt årsverk, dette dekkjer utgiftene til rettleiing til foreldre og saksbehandling av barnevern saker. Budsjettet for 2021 er ein vidareføring av budsjettet for 2020.

Generelt førebyggjande arbeid ligg ikkje i tenesteavtalen med Karmøy kommune. Kommunen løyser dette i det tverrfaglege teamet for barn og unge.

#### 9.3.8. Teneste 2510 Barnevernstiltak i familien

Tenesta gjeld hjelp til barn og unge med særskilt behov for støtte. Hovudvekta av dei tiltak som barneverntenesta sett i verk, som definerast som "hjelpetiltak" etter lov om barneverntenester, ligg

under teneste 2510. Dette er hjelpetiltak som er av førebyggjande og støttande karakter, som skal gje barn, unge og deira familiar hjelp i heimen, slik at dei klarar dei utfordringane som kvardagen gir.

I dei seinare åra har ein sett ein auke i saker kor barnevernstenesta har gått inn med hjelpetiltak. Sakene er ofte komplekse, og krev ein kompetanse som ein må kjøpa frå eksterne samarbeidspartnarar. Tiltak som krev at ein går ut og kjøper spesialkompetanse fører ofte til høge kostnadar.

Budsjettet for 2021 er ei vidareføring av budsjettet for 2020.

#### 9.3.9. Teneste 2520 Barnevernstiltak utanfor familien

Dette gjeld barn som har tiltak/omsorg utanfor familien. Tenesta omfattar både kortvarige og langvarige omsorgstiltak utanfor familien, og budsjettering innan dette området vil sjølvstendig avhenge av om tiltaka er av kortvarig eller langvarig karakter. I fleire år har kommunen ikkje hatt nokon barn i langvarige omsorgstiltak, men ein har i dei seinaste åra hatt nokon med kortvarige omsorgstiltak. Kostnadene vil sjølvstendig variera stort avhengig av antal personar med tiltak innan dette tenestområdet.

Karmøy kommune vil fakturere oss kvartalsvis for faktiske kostnader som følgje av tiltaka som vert vedtatt i den enkelte sak. Bokn kommune sine utgifter til barnevernet ligg ikkje høgt i forhold til landsgjennomsnittet.

#### 9.3.10. Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar Husbanken sine støtteordningar med utbetringstilskot, etableringslån m.v. Frå 2003 vart ordninga med startlån innført, og er ei låneordning for husstandar med etableringsproblem. Det er kommunane som administrerer startlånet.

Det er den enkelte sitt ansvar å skaffe seg eiga bustad. Økonomiske, sosiale, psykiske og fysiske problem gjer at ein del menneske likevel har problem med å skaffe seg eller behalda eigen bustad. I det siste tiåret har det vært nasjonal politikk at så mange som mogeleg skal integrerast i lokalsamfunnet og ha sjølvstendige bustadar.

Lov om sosiale tenester regulerer kommunens ansvar for vanskelegstilte i bustadmarknaden.

Dette gjeld ansvaret for å medverke til å skaffe bustad for dei som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser samt forpliktinga til å finne midlertidig husvære for dei som har akutt behov for tak over hovudet. Vidare angir lova dei viktigaste tenestene i samanheng med det bustadsosiale arbeid, for eksempel praktisk bistand og opplæring.

Tidlegare omsorgsbustader som ligg nord for sjukeheimen er no kommunale utleigebustader. Bustadene vil bli leig ut til prioriterte brukarar og eldre personar som er busett i Bokn kommune. Dei kommunale bustadane vart renovert i 2020, dette tatt av budsjettmidlar satt til oppussing samt etter



koronatilskot, totalt ei ramme på 400 000 kr. Det er ikkje satt av budsjettmidlar til oppussing i 2021, men er eit arbeid som ein må ta individuell vurdering på når leigetakar flyttar ut, og bustadane vert ledige.

#### 9.3.11. Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp

Tenesta omfattar bistand til personar med økonomiske problem (tilskot og lån). Tenestene utføres av Nav-kontoret.

Etter § 18 i lov om sosiale tenester er kommunen pliktig til å sørgje for nødvendig livsopphald for menneske som oppheld seg i kommunen dersom dei ikkje sjølv kan sørgje for dette gjennom arbeid eller andre økonomiske rettigheter. Ein har dei siste åra opplevd ei auke i antal personar som er avhengig av økonomisk sosialhjelp, både som hovud inntekt og supplerande hjelp. Søkjarar om sosiale ytingar har ofte problemområde i tillegg til at dei kan vera utan arbeid. Det kan vera psykiatri/rusmisbruk, gjeldsproblematikk og andre ting. Det er derfor samansette og arbeidsintensive oppgåver. Økonomisk sosialhjelp skal vera ei midlertidig ordning, og det må også arbeidast aktivt med søkjarane for å finna andre varige løysingar.

Det er vanskeleg å budsjettera økonomisk sosialhjelp, då det uventa kan koma nye søkjarar med rett på stønad. Frå 1.7.16 vart det ei lovendring kor kommunen kan pålegge aktivitetsplikt til arbeidsledige under 30 år.

Erfaringa med sysselsetjingsprosjektet så langt kan tyde på at dette er eit viktig verkemiddel for å hjelpe menneske som går på sosiale ytingar over i andre ordningar enten dette er ut i lønna arbeid, utdanning eller i andre ytingar i NAV. Det kan også sjå ut som om det reduserer lengda det enkelte menneske er mottakarar av sosiale ytingar.

Budsjettet for sosiale ytingar i 2021 er ikkje auka, men er vidareført ut frå budsjettet for 2020.

## 9.4. Rammeområde 6 – Seksjon teknisk

### 9.4.1. Generelt

*Resultatområde teknisk omfattar følgjande tenester:*

- Plan- og bygningsmyndigheit
- Forureiningsmyndigheit
- Kart- og oppmålingstenester
- Kommunale reguleringsplanar
- Landbruk
- Skogbruk og vilt
- Forvaltning av kommunal eigedom
- Kommunale bygg
- Vatn og avlaup
- Kommunale vegar
- Kyrkjegard og gravplassar
- Miljø- og naturforvaltning

Frå årsskiftet 2017/2018 tok Karmøy kommune over plan- og byggesaksbehandlinga for Bokn i tillegg til at dei har tatt over følgjande tenester som vi tidlegare kjøpte frå Tysvær og Suldal:

- Kart og oppmåling
- Landbrukskontor
- Skogbruksforvaltning
- Forureining
- Viltstell
- Natur- og miljøvernsaker
- Matrikkelføring

Det er også gjort avtale med Karmøy om å overta saksbehandling i forhold til:

- Rørleggarmeldingar
- Tekniske planar

Det er aktuelt å utvida vertskommunesamarbeidet til også å innbefatte tilsyn med private avløpsanlegg (herunder også anlegg knytt til næringsverksemd) samt offentlege avløpsanlegg. I tillegg er det oppretta dialog om tilrettelegging for auka tilgong til dialog/avklaringsmøter med saksbehandlarar på dei ulike områda.

Seksjon teknisk er ein driftsavdeling med 5,2 årsverk: 3 vaktmeisterstillingar, drifts – og eigedomssjef, leiar kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald samt 1 medarbeidar i deltidsstilling som tek del i vaktordninga på vassverket. Frå hausten 2019 har ein i tillegg hatt 2 prosjektansatte med direkte tilknytting til utbygginga av vassledningsnettet. Seksjonen er direkte underlagt rådmannen.

Netto driftsramme for 2021 er på kr. 3.480.200,-

Teknisk har ansvar for vaktmeisteroppgåvene på kommunale bygg, ansvar for kommunale vegar, kyrkjegard, parkar og anlegg og drift og tilsyn med kommunale VA-anlegg. I tillegg er teknisk sterkt involvert i dei kommunale utbyggingsprosjekta i kommunen som til dømes planlegging og utbygging/ombygging av Bokn skule og utvidinga av vassledningsnett. Vidare har teknisk ei sentral rolle i VA planlegging i samband med planlegging og utbygging av bustad- og næringsområde. Teknisk blei i 2020 utvida med 1 leiarstilling primært som fylgje av det pågåande og omfattande planarbeidet i kommunen. Kostnadane med stillinga blir finansiert via intern omorganisering og lønsmidlar er overført frå den tidlegare ordninga med samfunns- og utviklingssjef.

Bokn kommune sin kompetanse på plan- og byggjesaksbehandling ligg i Karmøy kommune i tillegg til kompetansen hos våre eigne medarbeidarar i stab, i teknisk og hos rådmannen.

Den nødvendige kontakten mellom administrativ leing i Bokn og Karmøy og tekniske tenester blir ivaretatt gjennom rådmannen og leiar kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald.

Sekretærfunksjonen for forvaltningsstyret vil bli ivaretatt gjennom leiar kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald samt drifts- og eigedomssjef. Leiar kommunal planlegging, teknisk drift og vedlikehald har det overordna ansvaret for kommunal planlegging og i hovudsak kommuneplanansvaret i Bokn kommune.

#### 9.4.2. Teneste 1900 og 1902 Vaktmeistertenester og Fellesutgifter Boknatun.

Under tenesta høyrer vaktmeister og fellesutgifter for Boknatun – dvs. lokala for kommuneadministrasjonen, pleie- og omsorg/sjukeheim og helse i tillegg til nærliggande uteareal.

I 2019 blei sjukeheimen utvida med 4 nye sjukeheimsrom og 7 nye omsorgsbustader i tillegg til at den gamle sjukeheimen fekk ei vesentleg oppgradering. Utviding av Boknatun inkl. nye omsorgsbustader utgjer ca. 952 m<sup>2</sup>.

Det er generelt behov for oppgradering/større vedlikehald på Boknatun – både når det gjeld helseavdeling og når det gjeld 1. etg. Ein vedlikehaldsplan for oppgradering av helseavdeling samt deler av 1. etasje er under utarbeiding. Oppgraderinga er planlagt utført i løpet av 2021.

Vaktmeistertenesta er heilt sentral i arbeidet med å kartlegge behov for utredningar/avklaringar rundt forhold som til dømes behov for ny garasje, vedlikehaldsbehov brannstasjon, fjerning/behov for riving av aktuell kommunal eigedom m.fl.

#### 9.4.3. Teneste 2210 og 2220 Bygg for Bokn barnehage og skule.

Bokn barnhage er delvis ny og i god stand.

Det er ikkje sett av midlar til spesielle vedlikehaldstiltak i 2021.

Oppvarmingskostnadene i barnehagen er høge. Ombygginga/bygginga av ny skule, med eit nytt fyringssystem, vil kunne gi reduserte fyringskostnader med opp mot kr. 500.000,- pr. år.

Bokn skule er ein 1 – 10 skule. Ungdomsskuledelen med bibliotek og auditorium er forholdsvis ny, medan barneskulen er gammal og slitt. Planlegging av ny skule for aldersgruppa 1- 7 har pågått for fullt den siste tida. Etter planen skal arbeidet med riving av gammal skule/bygging av ny skule starta opp i januar 2021 medan byggearbeida skal starta opp i april 2021.

Oppvarming av skule og barnehage skjer gjennom den gamle fyrkjelen på skulen. Fyrkjelen skulle ha vore skifta ut frå 2020, men dette må sjås saman med nytt skulebygg.

Ein har sikra vedlikehald av viktige tekniske anlegg som heis, ventilasjon og brannalarmanlegg med bruk av serviceavtalar.

Kommunestyret har vedtatt at ny skule med uteområde og innbu kan byggast innanfor ei kostnadsramme på 50 mill. kroner. Prosjektet er føresett finansiert gjennom bruk av inntekter frå sal av aksjar i Haugaland Kraft as.

#### 9.4.4. Teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus

Tenesta omfattar vedlikehald av det gamle skulebygget på Boknaberg. Bygget blir mellom anna nytta til fritidsaktivitetar for unge.

Det er tidlegare vedtatt at så lenge framtida til bygget ikkje er avklara, skal ein berre halda bygget tett og ikkje gjera anna vedlikehald.

Etter som åra går, kjem manglande vedlikehald meir til syne. Det er trong for å skifta vindauge og utvendige vegger og tak treng opprusting. Arealet ute ber og preg av manglande vedlikehald. Noko av dette blei rusta opp i samband med at det blei bygd parkeringsplass ved kyrkja.

Nærleiken til kyrkja gjer at utvendig areal og bygg må ha ei viss minimumsstandard.

Rådmannen ser det slik at framtida til bygget bør bli drøfta i samband med ei samla vurdering av kommunen sine bygg. Konkret vil dette innebæra at denne prosessen lyt ha høg prioritet i samband med revideringa av deler av arealdel til kommuneplan, eit planarbeid som blei varsla i oktober 2020.

#### 9.4.5. Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar utleige og vedlikehald av kommunale bustader - omsorgsbustader, ungdomsbustader og bustader innanfor bu og aktivitet.

Kommunen eig 26 husvære. Av desse er 9 gamle og 7 nye omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen og 6 omsorgsbustader nord for Boknatun. Vidare har vi 2 hus med 2 ungdomshusvære i kvart på Austre Bokn.

Hausten 2019 fekk ein smerteleg erfara kva endringar i klima kan medføra. Nokre av dei nye omsorgsbustadene blei råka av oversvømmelse som resulterte i behov for utbetringar. Det blir

likevel lagt opp til at det, på generelt grunnlag, ikkje vil bli behov for vedlikehald av omsorgsbustadane på mange år.

På bakgrunn av ekstramidlar som fylgje av koronautbrotet våren 2020, samt den allereie vedtatte tildelinga for 2020 (100 000,- frå disposisjonsfond) er dei 6 omsorgsbustadene nord for Boknatun noko oppgraderte. Oppgraderinga har hatt ei ramme på totalt kroner 400 000,- i 2020. Det må likevel påreknast ei fortsatt generell oppgradering av bustadane etter kvart som folk flyttar ut. Bustadane utgjekk som omsorgsbustader i 2019, men skal kunne brukast til generell utleige til eldre over 75 år og andre personar med eit prioritert bustadbehov.

Den gamle bustaden (brakka) i Føresvik blei seld i september 2020.

Husleiga for bustadane vert årleg justert i samsvar med konsumprisindeksen.

#### 9.4.6. 3010 – Plansaksbehandling; 3020 - Bygge-, delings- og seksjoneringssaker; 3030 Kart og oppmåling

Kommunen har ansvar for å arbeida ut planar i samsvar med krav i bygningslov og i overordna planar og retningsliner. I dette ligg arbeid med reguleringsplanar og andre planar som kommunen treng for å leggja til rette for utbygging og vern. Vidare skal ein handsama bygge- og plansaker i samsvar med lovar og føresegner innafor lovfesta tidsfristar og gjennomføra tilsyn. Ein skal handsama kart og delingsforretningar på ein rask og effektiv måte samt oppdatera kartverk og føra matrikkelen.

Frå september 2017 har desse sakene i all hovudsak, sett bort frå området utarbeiding av reguleringsplanar og områdeplanar, vore behandla av Karmøy kommune sine saksbehandlarar.

Så langt har samarbeidet mellom Bokn og Karmøy fungert godt. Nye samarbeidsområde er under utgreiing.

Sakene blir grundig behandla, og det er ein god dialog mellom administrasjonen i Bokn og saksbehandlar i Karmøy før vedtak blir fatta.

Saksbehandlingsgebyr (plan og byggesak) og gebyr for kart- og oppmålingsforretningar er like i Bokn og Karmøy.

Bokn kommune sine kostnader med saksbehandling i Karmøy skjer gjennom ei endeleg avrekning i forhold til tidsforbruk ved slutten av året.

Vidare er det i budsjettet for 2021 sett av kr 230.000 til leige av konsulent i forhold til planarbeid.

##### 9.4.6.1. Gebyr

Gebyra for plan- og byggesak og kart og oppmåling blir fakturert frå Karmøy direkte til tiltakshavar.

##### 9.4.6.2. Reguleringsplanar

Kommuneplanen legg til rette for eit større sjønært næringsareal sør for Knarholmen. Kommunen varsla i 2016 at ein ville setja i gong to reguleringsplanar for området mellom Knarholmen og

Lauplandsvågen. Planane var tenkt å vera med å styra utviklinga og leggja til rette for at ein kan gjera seg nytte av steinmassane frå Rogfast. Planarbeidet blei hausten 2016 stoppa på grunn av mange merknader. Den viktigaste merknaaden var at trase for E 39 – Bokn til Akسدal ikkje var fastsett. Seinare førte manglande samtykke frå grunneigar om å gjennomføra arkeologiske undersøkingar i området til at planlegginga blei sett på vent. Sistnemnde punkt er no avklara og er ikkje lenger til hinder for vidare planarbeid.

Det er fortsatt uklart om det vil bli lagt fram planar for ein ny 4 – felts vegtrase over Bokn i nær framtid. Planarbeidet blei så vidt starta opp att i 2020, men er på ny satt på vent på bakgrunn av uklare forhold knytt til trase for E39 samt framdrift i prosjektet Rogfast.

Ein har, etter tilråding frå Fylkesmannen, lagt bort arbeidet med planen lengst i sør, men strekkjer grensa for den nordre planen 200 m mot sør samstundes som ein set av plass til ein 200 m brei korridor for nyvegen.

Ein privat reguleringsplan for bustadbygging i Føresvik er under arbeid.

#### 9.4.7. Teneste 3150 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak

Tenesta omfattar tilrettelegging av utbyggingsområde.

Bokn kommune har 4 ledige bustadtomter i Fyrvegen.

Kommunen har tidlegare hatt avtale med eit meklarfirma om annonsering og sal av tomtene – utan at dette resulterte i noko sal. I tillegg til at kommunen sjølv står for tomtosal har også Bokn Tomteselskap as har no fått oppdraget med å prøva å selja tomtene.

Det er godkjent ein privat reguleringsplan i Alvestadkroken som gjev plass til 4 firemannsbustader med til saman 16 små bueiningar. Det blei i 2014 gjeve løyve til å setja i gang byggjearbeidet, men arbeidet i marka er framleis ikkje kome i gong. Denne tillatelsen er no forelda.

Det er vedtatt ein privat reguleringsplan på Holmen for utvikling av eit større bustadfelt. Bustadfeltet skal etablerast på fylling av tunnelmassar frå Rogfast – og difor eit langt tidsperspektiv.

#### 9.4.8. Teneste 3200 Kommunal næringsverksemd

Tenesta omfattar drift og administrering av kommunale jordbruks- og skogareal. Kommunen eig nokre jord- og skogparsellar, men driv inga næring knytt til desse.

#### 9.4.9. Teneste 3250 Bistand til næringslivet

Under tenesta høyrer innkjøp av næringsareal samt bygging og utleige av næringsareal og næringsbygg.

Bokn kommune har eit større næringsområde i Knarholmen. Det meste av dette næringsområdet er no solgt. Vidare eig kommunen eit område sør for Knarholmen som i kommuneplanen er sett av til framtidig næringsområde. Området er ikkje regulert. I tillegg vil etablering i området krevje store grunnlagsinvesteringar. Tomteområdet er ein del av eit større næringsområdet der arbeidet med å lage ein områdeplan er starta opp, men som ikkje har den ynskte framdrifta.

#### 9.4.10. Teneste 3300 Samferdselverkssemder og transporttiltak

Tenesta omfattar kommunale kaiar som Tåganes, Torvberget Våga, kai på Hognaland, kai vestre Arsvågen og moloanlegg Føresvik. Det er ikkje sett av midlar til vedlikehald eller opprusting av desse anlegga. Kommunen har heller ikkje inntekter på desse anlegga. Kommunen vil i løpet av 2021 starta opp eit arbeid knytt til vurdering av aktuelle tiltak for sikring av kaiane.

Karmsund interkommunale havnevesen har driftsansvaret for kaien i Føresvik og krev inn hamneavgift. Kommunen har driftsansvar for den gamle ferjekaien på Tåganes og kai på Hognaland. Kaiane på Torvberget i Våga og i Vestre Arsvågen er definerte som offentlege kaiar. Innanfor Alvestadkroken er det mindre kaier/areal som er "offentlege", mens det nyleg er inngått avtale mellom Kystverket og Bokn kommune om kommunal overtaking av moloen i Føresvik. Kommunen har ingen inntekter frå kaiane.

#### 9.4.11. Teneste 3330 - 3340 Kommunale vegar / miljø- og trafikksikringstiltak

Tenesten omfattar vedlikehald, trafikksikring og utbygging av kommunale vegar.

Gjennom eit samarbeid mellom SVV, Grieg Seafood Rogaland as og Bokn kommune er delar av fylkesvegen til Trosnavåg utbetra og har fått godkjenning for eit høgare akseltrykk. Arbeidet med oppgradering av vegen fram til Grieg Seafood Rogaland vart ferdigstilt i 2019.

##### 9.4.11.1. *Handlingsplanar*

Revidert trafikksikkerhetsplan Bokn kommune 2020-2024 dannar grunnlag for å søkje trafikksikkerhetsmidlar for 2021 for utbetring av definerte trafikkfarlege trasear. Det er satt av kroner 92 000,- i budsjettet til nye tiltak, jamfør trafikksikkerhetsplanen, for 2021.

Som fylgje av den stramme økonomien i kommunen er det ikkje funne rom for å auke budsjettet for asfaltering i 2021. Men, ei tilleggsbevilling pålydande kroner 500 000,- som fylgje av overskott frå 2019 vil gje rom for ei forsiktig tilnærming til oppgradering av prosjekta med høgast prioritet.

Utviding av Føresvikvegen til 2-felt vart opna i 2018. Det ligg ikkje inne fylkeskommunale eller kommunale midlar til resterande arbeidet med gang og sykkelveg frå Alvestad til E39 i Knarholmen og ny veg med fortau frå Sæbø til Holmen.

Det ligg heller ikkje inne midlar til planlegging eller oppgradering av fylkesvegen frå Bokn Arena og til Coop Bokn.

#### 9.4.11.2. Ordinært vedlikehald

Kommunen kjøper i dag tenester til snøbrøyting, kantklipp, vegskraping og anna vegvedlikehald. Kommunen si serviceerklæring blir lagt til grunn for korleis ein skal utføra tenestene.

#### 9.4.12. Teneste 3350 Rekreasjon i tettstad

I tenesta ligg drift og vedlikehald av offentlege plassar, torg, parkar og parkeringsplassar samt leikeplassar, grøntanlegg og turveggar i tettbygde strok. Kulturetaten har ansvar for planlegging og budsjettering når det gjeld leikeplassar og turveggar. Teknisk gjer det fysiske arbeidet.

Nærmiljøanlegget har dei siste åra hatt ei kraftig oppgradering med ny gapahuk, nytt toalett og garderobeanlegg mm. Det er ikkje sett av midlar til ytterlegare tiltak i dette området i 2021.

Det utandørs vedlikehaldet er størst i sommarhalvåret. Dette arbeidet har for ein stor del blitt utført av vikarar. Det blir, som for 2020, lagt opp til ein redusert bruk av vikar i 2021 i forhold til tidlegare år. Dette må sjås i samanheng med auke i vaktmeisterressursar.

#### 9.4.13. Teneste 3380 Førebygging av brann og ulykker

Tenesta omfattar feiarvesen og andre tiltak som skal førebyggja ulykker knytt til brann eller eksplosjon.

Det er lagt opp til at kvar enkelt kommune fastsett og krev inn feie- og tilsynsgebyr for sin kommune. Haugaland Brann og Redning IKS gjennomfører arbeidet på vegne av kommunane. HBR sine driftskostnader, kapitalkostnader samt kommunen sine indirekte kostnader knyta til mellom anna fakturering vil danna grunnlag for forslag til feie- og tilsynsgebyr.

Rådmannen legg opp til at tenesta skal drivast til sjølvkost. Bokn kommune følger gebyra som blir satt av Haugaland Brann og redning IKS.

#### 9.4.14. Teneste 3390 Brannvesen

Tenesta omfattar brannvesen, oljevernteneste, og andre førebuing- og tryggingstiltak for å møte ulykker knytt til brann og eksplosjon.

Kommunane i regionen har vedtatt interkommunalt brann - og redningsvesen, og Haugaland brann og redning IKS (HBR) var i drift frå 1. juli 2018.

2019 var fyrste året der HBR hadde budsjett og rekneskap for heile verksemda.



Bokn kommune sine kostnader til brannvesen er i budsjettet for 2021 ført opp med kr. 1.800.000,-

#### 9.4.15. 3400 Produksjon av vatn

I tenesta ligg vasskjelde, inntak, filtrering og reinsing av vatn.

Ein må til ei kvar tid syta for at vasskjelda er stor nok og gjennom god vassreinsing sikra at brukarane får vatn som held mål etter fastsette krav. Kommunen har i den samanheng høgt fokus på kompetansehevingn på området.

Kommunen har eit lite vassverk på Hognaland. Dette blir lagt ned og erstatta av det nye vassledningsnettet til kommunen.

#### 9.4.16. Teneste 3450 Distribusjon av vatn

I denne tenesta ligg pumpestasjonar, trykkbasseng, leidningsnett og dessutan gebyr for vassforsyning. Ein fører kvalitetskontroll med vatnet ein leverer. Det er vedteke å utvida leveringsområdet til heile kommunen. Politisk har ein gjort vedtak om å prioritera levering av drikkevatt, og ein finn av økonomiske grunnar ikkje anledning til å bygga nytt leidningsnett med kapasitet med tanke på sikker levering av sløkkjevatt. Etter ny plan og bygningslov er det eit krav at det skal vera tilgang til sløkkjevatt om ein skal føra opp nye hus, men dette må då løysast på annan måte.

Det er vedtatt å ta opp eit lån på 14 mill. kroner for å utvida leveringsområdet til heile kommunen inkl. bygging av eit nytt høgdebasseng på Austre Bokn. Arbeidet er komme godt i gang og ein er i god rute i forhold til framdriftsplanen som er bestemt. Arbeidet blir utført i kommunal regi med 2 personar som har fått engasjementstillingar i prosjektet.

Nødvendige konsulentkostnader dekkes innafor kostnadsramma.

Levering av vatn ligg innafor sjølvkostområdet noko som tilseier at kostnadane med utbygging av vassledningsnettet blir dekkja gjennom dei kommunale vassavgiftene. Ein må difor forventa at ei slik utbygging vil kunne få konsekvensar for den kommunale vassavgifta. Det knyter seg fortsatt noko usikkerhet til kva den endelege, totale ramma for utviding av vassledningsnett blir.

Eit foreløpig estimat tilseier likevel at det vil bli nødvendig med ei tilleggsfinansiering (lånefinansiering) på cirka 2 millionar kroner. Prosjektet vil bli utvida til også å levere kommunalt vatn til Grieg Seafood sitt anlegg på Hognaland. Rådmannen vil fremme sak om dette ila 2021.

#### 9.4.17. Teneste 3500 Avlaupsreinsing / slam

Tenesta gjeld reinseanlegg, utlaup og handtering av restprodukt (slam og vatn).

Kommunen har driftsansvar for 5 større slamavskiljarar.

Anlegget for slambehandling i Føresvik held ikkje mål når det i dag skal ta mot avlaup frå 160 pe. Anlegget, som er frå 1975, blei bygd for 100 pe. og er underdimensjonert. Ein får av den grunn store kostnader knytt til at ein må tømme 4 gonger i året. Etter dei planane ein no kjenner, skal mykje av framtidig bustadbygging gå føre seg i området i og ved Føresvik. Eit nytt anlegg må difor dimensjonerast for langt fleire hus. Sjølv om anlegget er under press, kan det vera føremålstenleg å venta med utbygging til ein har oversikt over kor stor utbygging som kjem til å sokna til anlegget i framtida.

Tilknytingsavgift og årleg gebyr skal bera kostnadene kommunen har med kloakkanlegg, dvs. sjølvkost.

#### 9.4.18. Teneste 3530 - 3540 Avlaupsnett / innsamling av avlaupsvatn

Tenesta omfattar pumpestasjonar og leidningsnett og er eit sjølvkostområde.

Det står framleis noko att før ein har gjennomført avlaupsplanen i Alvestad. Det er eit mål at alle private kloakkleidningar skal koplast på. Plan og bygningslova gjev heimel for å setja fram krav om tilkopling.

I budsjett/økonomiplan for 2019 – 2022 ligg det årleg inn kr. 100.000,- til skifte av vannkummar.

Problem med overvatn er eit aukande problem fleire stader i kommunen. Det er sett av kroner 150.000,- kroner i 2019 og kroner 150 000,- i 2020 for utbetring på Austre Bokn – Øyrenfeltet og kr. 150.000,- til ny leidning for overvatn - fra brannstasjonen og ned til vegen. I tillegg er det løyvd nye 500 000,- (på bakgrunn av driftsoverskott 2019) til overvassproblematikk i området rundt Boknatun/Føresvik. Det vil bli søkt om klimatilpassingsmidlar for utarbeiding av ein overvassanalyse for heile kommunen, dette som ei førebuing til revidering av deler av arealdel til kommuneplan.

#### 9.4.19. Teneste 3550 Innsamling av avfall

Tenesta omfattar innsamling og henting av avfall, samt avfallsgebyr. Tenesta skal gjerast til sjølvkost.

Haugaland Interkommunale Miljøverk, HIM, har ansvar for å samla inn avfall på Bokn. HIM har eit differensiert tenestetilbod og fastsett gebyr for renovasjon til private bustader. Den enkelte abonnent kan no i større grad tinga avfallsdunkar i tråd med behovet. Eit slikt regulativ vert opplevd meir rettferdig fordi ein kan betale i høve til bruken.

I avtalen mellom HIM og eigarkommunane er det ein føresetnad at det skal vera like gebyr i deltakarkommunane og frå 2014 er gebyra regulert i samsvar med forslaget frå HIM. Likevel må den enkelte kommune vedta gebyra for eigne innbyggjarar. HIM har no tatt over kontakten med abonnentane samt arbeidet med å fakturera og å krevja inn avgifta. Kommunen får ein liten del av inntektene som skal bera kommunen sine kostnader med at ein framleis vil ha noko brukarkontakt.

#### 9.4.20. Teneste 3600 Naturforvaltning og friluftsliv

Tenesta omfattar koordinering av miljøvernarbeidet i kommunen, og ansvar for å utarbeida miljø- og naturressursprogram. I dette ligg at ein skal sjå til at utmark- og friluftsområda blir forvalta på ein god måte. Vidare skal ein vera med på å sikra tilgjenge for allmugen til badeplassar og ein skal opparbeida rasteplassar, turveggar, småbåthamner og fortøyings- og kai plassar. Ut over dette har ein ansvar for å forvalta ferskvassfisk og vilt.

Strandsona og sjøen er viktige friluftsområde for innbyggjarar og turistar. Planar og tiltak som betrar bruken av desse ressursane er viktige for Bokn si framtid.

Kommunen manglar ei oppdatert viltkartlegging som vil vera del av registreringa av eit samla biologisk mangfald. I fleire byggesaker blir kommunen konfrontert med at ein ikkje kan dokumentera omsyn til biologisk mangfald. Arbeid med dette må ikkje bli gløymt, men kan neppe bli prioritert dei fyrste åra.

Frå 2018 fekk Karmøy arbeidet med forvaltning av hjortevilt.

#### 9.4.21. Teneste 3750 Museum

Det gamle ungdomshuset på Håland har fungert som museum i mange år. Museet vart frå 2019 del av det nye Haugalandsmuseet då totalt sju museer blei slått saman i eitt eigar og driftsselskap.

Basert på tidlegare dugnadsarbeid har ein fått bygd ein liten parkeringsplass, sett inn nokre nye vindauge, reparert utedøra, skifta nokre kledningsbord og gjort litt malararbeid. Det står likevel att arbeid om bygget skal koma i betre stand. Det er i budsjettet for 2021 vidareført kr. 35.000,- til vedlikehald av bygg mv.

## 10. Økonomiske oversiktar

### 10.1. § 5-4 Bevilgningsoversikter – Drift (1A)

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
<b>Bevilgningsoversikt - drift (budsjett)</b>						
Rammetilskudd	47.659	48.342	47.073	46.694	46.276	45.891
Innteks- og formueskatt	23.216	21.767	23.599	23.599	23.599	23.599
Eiendomsskatt	11.764	10.700	10.400	10.100	9.800	9.500
Andre generelle driftsinntekter	6.048	3.200	3.200	3.700	3.700	3.700
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>88.686</b>	<b>84.009</b>	<b>84.272</b>	<b>84.093</b>	<b>83.375</b>	<b>82.690</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>78.119</b>	<b>76.465</b>	<b>73.707</b>	<b>71.957</b>	<b>72.077</b>	<b>73.707</b>
Avskrivninger	4.132	2.600	4.100	4.100	4.100	4.100
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>82.251</b>	<b>79.065</b>	<b>77.807</b>	<b>76.057</b>	<b>76.177</b>	<b>77.807</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>6.435</b>	<b>4.944</b>	<b>6.465</b>	<b>8.036</b>	<b>7.198</b>	<b>4.883</b>
Renteinntekter	1.530	800	1.000	1.000	1.000	1.000
Utbytter	2.406	0	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	2.985	2.100	2.800	2.800	2.800	2.800
Avdrag på lån	6.076	4.300	5.500	5.500	5.500	5.500
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-5.126</b>	<b>-5.600</b>	<b>-7.300</b>	<b>-7.300</b>	<b>-7.300</b>	<b>-7.300</b>
Motpost avskrivninger	4.132	2.600	4.100	4.100	4.100	4.100
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>5.441</b>	<b>1.944</b>	<b>3.265</b>	<b>4.836</b>	<b>3.998</b>	<b>1.683</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-1.276	0	-2.956	-2.956	-2.956	-2.956
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-7.053	499	1.750	500	500	500
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresu</b>	<b>-8.328</b>	<b>499</b>	<b>-1.206</b>	<b>-2.456</b>	<b>-2.456</b>	<b>-2.456</b>
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

## 10.2. § 5-4 Sum bevilgningar drift, netto (1B)

<b>Beløp i 1000</b>	Regnskap 2019	Oppr. Budsjett 2020	Øk.plan 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Sentraladministrasjonen	11 938	19 257	17 589	16 989	17 109	17 589
Kultur, skule og barnehage	28 019	26 089	24 518	24 518	24 518	24 518
Helse, pleie og omsorg	29 914	28 855	25 824	25 824	25 824	25 824
Sosial og barnevern	2 813	2 296	2 296	2 296	2 296	2 296
Teknisk	5 435	32	3 480	2 330	2 330	3 480
<b>Sum bevilgningar drift, netto</b>	<b>78 119</b>	<b>76 465</b>	<b>73 707</b>	<b>71 957</b>	<b>72 077</b>	<b>73 707</b>
<b>Herav:</b>						
Avskrivningar	0	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og - inntekter	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til bruk eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0
Netto avsetningar til bruk eller bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0	0
<b>Korrigert sum bevilgningar drift, netto</b>	<b>78 119</b>	<b>76 465</b>	<b>73 707</b>	<b>71 957</b>	<b>72 077</b>	<b>73 707</b>

### 10.3. § 5-5 Bevilgningsoversikt – investering (2A)

Beløp i 1000	Regnskap	Oppr. Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Investeringer i varige driftsmidler	9 701	-	-	-	-	-
Tilskudd til andres investeringer	-	-	-	-	-	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	4 274	-	-	-	-	-
Utlån av egne midler	6 978	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	1 432	-	-	-	-	-
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>22 384</b>	-	-	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	1 297	-	-	-	-	-
Tilskudd fra andre	-	-	-	-	-	-
Salg av varige driftsmidler	1 760	-	-	-	-	-
Salg av finansielle anleggsmidler	79 162	-	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	7 531	-	-	-	-	-
Bruk av lån	10 357	-	-	-	-	-
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>100 107</b>	-	-	-	-	-
Videreutlån	-	-	-	-	-	-
Bruk av lån til videreutlån	-	-	-	-	-	-
Avdrag på lån til videreutlån	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på videreutlån	-	-	-	-	-	-
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Overføring fra drift	-	-	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	-	-	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	1 440	-	-	-	-	-
Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	-	-	-
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetn.</b>	<b>1 440</b>	-	-	-	-	-
<b>Fremført til inndekn. i senere år(udekket bel)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

### 10.4. § 5-5 Bevilgningsoversikt – investering (2B)

Ingen forslag til investeringar i økonomiplanperioden.

## 10.5. § 5-6 Økonomisk oversikt etter art

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
<b>Driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	47.659	48.342	47.073	46.694	46.276	45.891
Inntekts- og formuesskatt	23.216	21.767	23.599	23.599	23.599	23.599
Eiendomsskatt	11.764	10.700	10.400	10.100	9.800	9.500
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	6.048	3.200	3.200	3.700	3.700	3.700
Overføringer og tilskudd fra andre	14.149	6.467	9.173	9.173	9.173	9.173
Brukerbetaling	3.542	3.429	3.398	3.398	3.398	3.398
Salgs- og leieinntekter	7.703	8.354	8.466	8.466	8.466	8.466
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>114.080</b>	<b>102.259</b>	<b>105.309</b>	<b>105.130</b>	<b>104.412</b>	<b>103.727</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	56.212	51.119	51.727	51.727	51.727	51.727
Sosiale utgifter	14.627	17.145	16.274	16.274	16.274	16.274
Kjøp av varer og tjenester	24.707	22.789	22.837	21.587	21.707	21.787
Overføringer og tilskudd til andre	5.623	3.610	3.806	3.306	3.306	3.306
Avskrivninger	4.132	2.600	4.100	4.100	4.100	4.100
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>105.301</b>	<b>97.264</b>	<b>98.744</b>	<b>96.994</b>	<b>97.114</b>	<b>97.194</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>8.780</b>	<b>4.995</b>	<b>6.566</b>	<b>8.137</b>	<b>7.299</b>	<b>6.534</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter	1.530	800	1.000	1.000	1.000	1.000
Utbytter	2.406	0	0	0	0	0
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	2.985	2.100	2.800	2.800	2.800	2.800
Avdrag på lån	6.076	4.300	5.500	5.500	5.500	5.500
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-5.126</b>	<b>-5.600</b>	<b>-7.300</b>	<b>-7.300</b>	<b>-7.300</b>	<b>-7.300</b>
Motpost avskrivninger	4.132	2.600	4.100	4.100	4.100	4.100
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>7.786</b>	<b>1.995</b>	<b>3.366</b>	<b>4.937</b>	<b>4.099</b>	<b>3.334</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	-1.276	0	-2.956	-2.956	-2.956	-2.956
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-7.053	499	1.750	500	500	500
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsres</b>	<b>-8.328</b>	<b>499</b>	<b>-1.206</b>	<b>-2.456</b>	<b>-2.456</b>	<b>-2.456</b>
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

## 11. Driftsbudsjettet - forslag til rammendringer

Sentraladministrasjon	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett forrige år	19 257 303	19 257 303	19 257 303	19 257 303
<b>Sum endringer lønn (inkl lønnsvekst og pensjonsendringer)</b>	<b>-1 242 353</b>	<b>-1 242 353</b>	<b>-1 242 353</b>	<b>-1 242 353</b>
<b>Sum tekniske justeringer</b>	<b>-186 800</b>			
Konsumprisjustert overføring kyrkja og gravlund	80 850	80 850	80 850	80 850
Nedjustert forventning utleie lokaler	85 000	85 000	85 000	85 000
Velferdstiltak	40 000			
Reserverte løyvingar	-400 000			
Kontingentar	-45 000	-45 000	-45 000	-45 000
<b>Ramme 2021-2024</b>	<b>17 589 000</b>	<b>18 135 800</b>	<b>18 135 800</b>	<b>18 135 800</b>
<b>Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjett:</b>				
Framsikt	*			
Ein ekstra stilling i sentraladministrasjonen	750 000	750 000	750 000	750 000
Opplæringstiltak (systemer, arbeidsoppgaver, lovverk etc)	50 000			

Kultur, skule og bhg	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024
Vedtatt budsjett forrige år	25 750 700	25 750 700	25 750 700	25 750 700
<b>Sum endringer lønn (inkl lønnsvekst og pensjonsendringer)</b>	<b>-727 500</b>	<b>-727 500</b>	<b>-727 500</b>	<b>-727 500</b>
<b>Sum tekniske justeringer</b>	<b>68 800</b>			
Salg av skoleplass	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Kompetansmidler fra Udir	-370 000			
Redusert kjøp av tenester frå andre kommunar PPT	-104 000			
<b>Ramme 2021-2024</b>	<b>24 518 000</b>	<b>24 923 200</b>	<b>24 923 200</b>	<b>24 923 200</b>
<b>Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjett:</b>				
Skuletur 10.klasse	30 000	30 000	30 000	30 000
Oppfølging av tiltak i kulturminneplan	30 000			



## Økonomiplan

<b>Helse, pleie og omsorg</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Vedtatt budsjett forrige år	28 855 400	28 855 400	28 855 400	28 855 400
Sum endringer lønn (inkl lønnsvekst og pensjonsendringer)	-494 900	-494 900	-494 900	-494 900
Sum tekniske justeringer	83 000			
Sal av institusjonsplasser sjukestova	-2 970 000	-2 970 000	-2 970 000	-2 970 000
Auke i UniK/Solstein plasser	260 000	260 000	260 000	260 000
Lærlingfunksjon	70 000	70 000	70 000	70 000
Kohortavdeling Sveio - Covid 19 samarbeid	20 000	-	-	-
<b>Ramme 2021-2024</b>	<b>25 823 500</b>	<b>25 720 500</b>	<b>25 720 500</b>	<b>25 720 500</b>

**Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjett:**

Hurtiglådestasjon elbil

\*\*

## Økonomiplan

<b>Teknisk</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Vedtatt budsjett forrige år	-32 300	-32 300	-32 300	-32 300
Sum endringer lønn (inkl lønnsvekst og pensjonsendringer)	2 136 000	2 136 000	2 136 000	2 136 000
Sum tekniske justeringer	-19 500			
Opprustning av 2 etg - helseavdeling boknatun	1 200 000	-	-	-
Haugaland brann og redning - kostnadsøke	146 000	146 000	146 000	146 000
Auka kompetansebudsjett ifbm vassverk	50 000	-	-	-
<b>Ramme 2021-2024</b>	<b>3 480 200</b>	<b>2 249 700</b>	<b>2 249 700</b>	<b>2 249 700</b>

**Tiltak det ikkje er funne plass til i budsjett:**

Ny leasingbil
 55 000 | 55 000 | 55 000 | 55 000 |

Planarbeid areal del
 250 000 |  |  |  |

Stige/fender ved kommunale kaianlegg
 50 000 |  |  |  |

Vedlikehold av veg
 250 000 |  |  |  |

Sikring av søppelskur Bokn arena
 100 000 |  |  |  |

Glassfelt omsorgsbolig
  | 400 000 |  |  |